- **Erfaringsutveksling**
  Styremedlemmene utvekslet erfaring omkring problemstillinger og saker som er aktuelle i kontrollutvalgene.

Lars Ramstad nestleder	Stig Holmstrøm leder	Ingvar Hals styremedlem
Øyvind Gjøen styremedlem	Trygve Grydeland styremedlem	Ole Rakvåg varamedlem
Odd-Helge Gravem varamedlem	Synnøve Egge varamedlem	Jostein Øverås varamedlem
Jane Anita Aspen sekretær		

KONTROLLUTVALGSSEKRETARIATET FOR ROMSDAL

for Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Nesset, Rauma, Sunndal og Vestnes kommune.

ÅRSMELDING FOR 2017

1. INNLEDNING

Kommunene Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Nesset, Rauma, Sunndal og Vestnes inngikk 31.desember 2004 **Samarbeidsavtale om interkommunal sekretærfunksjon for kontrollutvalgene.**

Fra 2013 ble Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal opprettet som et **interkommunalt samarbeid (IS) etter kommunelovens § 27 med status som eget rettssubjekt** og med eget styre. Det nye sekretariatet ble opprettet med virkning fra 28. august 2013 og er registrert i Enhetsregisteret i Brønnøysund med organisasjonsnummer 912 503 771.

2. STYRETS SAMMENSETNING

Styremedlem	Funksjon	Personlige varamedlemmer	Kommune
Stig Holmstrøm	leder	Gro Ødegård	Vestnes
Lars Ramstad	nestleder	Eirik Jenssen	Rauma
Oddvar Hoksnes	medlem	Ole Rakvåg	Aukra
Kåre Vevang	medlem	Synnøve Egge	Eide
Ingvar Hals	medlem	Lisbeth Valle	Fræna
Øyvind Gjøen	medlem	Kristine Måløy	Gjemnes
Ivar Henning Trælvik	medlem	Jostein Øverås	Nesset
Trond M. Hansen Riise	medlem	Odd Helge Gravem	Sunndal
Trygve Grydeland	medlem	Ann Monica Haugland	Molde

2.1 Styrets oppgaver

Styrets oppgaver fremgår av vedtektene §§ 5 og 6:

§ 5 Organisering av samarbeidet

Styret er samarbeidets øverste organ. Styret har arbeidsgiveransvar og ansetter daglig leder. Samarbeidet ledes av daglig leder.

Hvert kommunestyre velger ett styremedlem med personlig varamedlem. Styret velges for 4 år. Valgene følger kommunevalgperioden. Styret velger selv leder og nestleder.

§ 6 Styrets møter

Styremøtene ledes av styrets leder. Styret fatter vedtak med alminnelig flertall. Ved votering i styret skal hver stemme telle likt. Ved stemmelikhet er møteleders stemmegivning

avgjørende. Styret er beslutningsdyktig når mer enn halvparten av kommunene er representert.

Innkalling til styremøte skal skje skriftlig til hvert medlem minst 7 dager før møtedato. Styrets medlemmer kan møte med faglig bistand (med talerett). Styrets leder sørger for at det blir ført protokoll fra styremøtene. Protokollen underskrives av styrets medlemmer. Utskrift av protokollen skal sendes styret og kommunene.

Styret har myndigheten til å ansette og si opp sekretariatets personell samt avgjøre personalsaker som angår daglig leder. Styret skal vedta budsjettframlegg, regnskap og årsmelding, som skal avlegges, fastsettes og sendes kommunene. Styret har ikke myndighet til å ta opp lån eller forplikte deltakerne på lignende måte.

3. SEKRETARIAT

3.1 Bemanning og arbeidsfordeling

I 2017 er sekretærfunksjonen for kontrollutvalgene ivaretatt av rådgiver Sveinung Talberg og daglig leder Jane Anita Aspen, begge i 100 % stilling.

Sveinung Talberg har i 2017 ivaretatt sekretærfunksjonen for kontrollutvalgene i Eide, Fræna, Nesset og Sunndal. Jane Anita Aspen har ivaretatt sekretærfunksjonen for kontrollutvalgene i Aukra, Gjemnes, Molde, Rauma, Vestnes og styret for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal.

3.2 Sekretariatets oppgaver

«Kommunestyret eller fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget har sekretariatsbistand som til enhver tid tilfredsstiller utvalgets behov.
Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og at utvalgets vedtak blir iverksatt», jf. Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 20 1. og 2. ledd.

«Den som utfører sekretariatsfunksjon for kontrollutvalget er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir», jf. Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 20 4. ledd.

Sekretariatets vedtekter § 4 Formål sier følgende:
«Kontrollutvalgssekretariatet har som formål å utvikle og utføre tjenester knyttet til saksforberedelse, utredning og oppfølging av saker til kontrollutvalgene, samt andre tjenester som naturlig faller sammen med dette.»
Det er utviklet rutiner for innkalling, sakspapirer og oppfølging av møtene i kontrollutvalgene. I dette arbeidet inngår innhenting av informasjon fra kommunen, revisjonen og andre, skriving av saksframlegg med forslag til vedtak og kvalitetssikring av hver sak. Sekretariatet har ansvaret for at utvalgenes vedtak blir formidlet til rette instans og for at vedtakene blir fulgt opp.

3.3 Arbeidsmiljø

Sekretariatet hadde i lang tid en alt for stor arbeidsbelastning. Arbeidsbelastningen har normalisert seg etter at bemanningen i 2014 ble økt fra en til to ansatte i 100 % stilling. Sykefraværet er lavt.

Sekretariatet har gjort avtale med Molde kommune om at sekretariatets ansatte skal få benytte seg av Molde kommunes vernetjeneste.

3.4 Likestilling
Sekretariatet er bemannet av en kvinne og en mann.

Selskapets styre har ett medlem fra hver kommune, valgt av kommunestyret. Det er kontrollutvalgslederne som er valgt inn i styret. Det er ni menn i styret. Styremedlemmene har personlig varamedlem, som er kontrollutvalgenes nestledere. Av disse er 5 kvinner og 4 menn. Siden det var ønskelig at det er kontrollutvalgets leder som sitter i styret, har en ikke klart å oppfylle kravet i likestillingslovens § 13 d) *Har utvalget ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire*. Ved valg av leder og nestleder til kontrollutvalgene i de respektive kommunene, bør begge kjønn være representert.

3.5 Etikk
Styre vedtok i møte 7.9.2016, sak 11/16 Etiske retningslinjer for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal. Retningslinjene er gjeldende for de ansatte og for styrets medlemmer.

3.6 Kontorplassering
Sekretariatet leier lokaler i Hamnegata 35, 4. etg. i Molde sentrum via en fremleieavtale med Molde Eiendom KF. Leieavtalen utløper 15.11.2021.

3.7 Avtale med Molde kommune om kjøp av administrative tjenester til sekretariatet
Avtalen fra 2014 med Molde kommune om kjøp av administrative tjenester ivaretar sekretariatets behov for bistand til utbetaling av lønn og godtgjøring, regnskap, budsjett, IKT-tjenester og noe kontormateriale. Avtalen er videreført i 2017.

4. VIRKSOMHET I 2017

4.1 Styret
Styret har i 2017 avholdt 3 møter; 4.mai, 4.september og 13. desember og behandlet 21 protokollerte saker. I tillegg er det i 2017 behandlet 4 referatsaker og 2 orienteringssaker. Styremøtene blir også benyttet til erfaringsutveksling.

4.2 Møteaktivitet i utvalgene
Totalt ble det i 2017 avviklet 51 møter i kontrollutvalgene og behandlet 363 protokollerte saker. I tillegg har det i 2017 blitt lagt fram for kontrollutvalgene 344 referatsaker og 222 orienteringssaker.

Aktiviteten i utvalgene har vært stor og det er stor kompleksitet i sakene.

Antall møter i det enkelte utvalg i 2017 har variert fra 5 til 7 møter.
Antall protokollerte saker for det enkelte utvalg har variert mellom 36 og 47 saker.

4.3 Kurs/konferanser
Den årlige Kontrollutvalgskonferansen i regi av NKRF (Norges Kommunerevisorforbund) på Gardermoen i februar samler mange av våre kontrollutvalgsmedlemmer.
Samtlige kontrollutvalg var representert ved **NKRF's Kontrollutvalgskonferanse 1.-2. februar 2017**. De ansatte i sekretariatet var også deltakere på konferansen.

Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Nesset, Sunndal og Vestnes kommuner er medlemmer av **Forum for Kontroll og Tilsyn** (FKT). Utvalgsmedlemmer fra Aukra, Molde og Vestnes var representert på **FKT's fagkonferanse og årsmøte** i Tromsø 7.-8. juni 2017. Daglig leder var også deltakere på fagkonferansen og årsmøtet.

På **FKT's Sekretariatskonferanse** på Lillestrøm 22. mars 2017, deltok de ansatte i sekretariatet.

Sekretærforumet for Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane var samlet til arbeidsmøte i Ørsta 6.2.2017 og i Loen 23.-24.11.2017 (i forbindelse med NKRF's fagsamling for Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane). Dette er arbeids-/nettverksmøter for ansatte i sekretariatene i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.

Sekretariatet har også deltatt på sekretærsamling for **Vestlandet og Trøndelag** i Loen, 5.-6.10.2017.

Siden det bare er to ansatte i sekretariatet så er disse konferansene og fagsamlingene veldig viktig for fagutvikling og for å diskutere felles problemstillinger med kollegaer fra resten av landet.

4.4 Økonomi

Regnskapet for 2017 viser et regnskapsmessig mindreforbruk på kr 261 846,-. Mindreforbruket skyldes i hovedsak lavere pensjonsutgifter og at utbetaling av styrehonorar kommer på neste år, grunnet at styremøte var avholdt etter frist for siste lønnsutbetaling.

Sekretariatets utgifter er i hovedsak lønnskostnader. Utover dette er kostnader til husleie og kjøp av administrative tjenester fra Molde kommune og reise/kursutgifter de største kostnadene.

Fordeling av kostnader for 2017 til sekretariatstjenester for samarbeidskommunene er som følger:

Kommune	Folketall 01.01.16	Fordeling %	Budsjett 2017
Aukra	3 518	5,0	118 750
Eide	3 467	5,0	118 750
Fræna	9 717	14,0	332 500
Gjemnes	2 593	4,0	95 000
Molde	26 732	38,0	902 500
Nesset	2 970	4,0	95 000
Rauma	7 492	11,0	261 250
Sunndal	7 160	10,0	237 500
Vestnes	6 611	9,0	213 750
Sum	**70 260**	**100,0**	**2 375 000**
Sum inntekter			**2 375 000**

I følge vedtektene § 2 skal 100 % av utgiftene fordeles etter folketall pr. 1. januar foregående år.

4.5 Revisjon

KPMG er revisor for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal.

4.6 Administrative utfordringer

Sekretariatet benytter egne maler i Word til saksbehandling og korrespondanse. Dokumentene lagres elektronisk på eget område. I tillegg lagres også alle utvalgenes møtedokumenter og protokoller i papirutgave.
Sekretariatet har sett det som et nødvendig verktøy å få på plass et elektronisk saks- og arkivsystem. Dette er en prosess som tidligere og nåværende styre har vært involvert i.

I styremøte 4.9.2017, sak 11/17, ble det fattet følgende vedtak:

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal går til innkjøp av saks- og arkivsystemet Elements, gjennom en felles avtale inngått av ROR-IKT.

Avtalens lengde vurderes for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdals avtale med Molde kommune.

I møte 13.12.2017 holdt prosjektleder Geir Ståle Tenfjord fra ROR-IKT, en grundig orientering til styret om det elektroniske saks- og arkivsystemet som kommunene som inngår i ROR-IKT har gått til innkjøp av. Avtalen åpner også for etablering av andre arkivskapere som er knyttet til disse kommunene (KF, IKS, AS og stiftelser).
Det er lagt opp til at Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal inngår en avtale med Molde kommune om konfigurasjon og oppsett av separat løsning med egne dokumentmaler, samt brukerstøtte for arkiv og systemadministrasjon.
En tar sikte på at sekretariatet kan inngå en slik avtale og ta i bruk systemet i løpet av 2018

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal er underlagt arkivloven på linje med andre offentlige organer og har også journal- og arkivansvar for kontrollutvalgene. Styret vedtok i styremøte 7.9.2016 sak 12/16 Arkivplan for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal. Inntil vi får på plass et elektronisk saks- og arkivsystem, har sekretariatet et papirbasert arkiv.

Kontrollutvalgenes møtedokumenter og protokoller oversendes den enkelte kommune for at disse skal være tilgjengelig for kommunens innbyggere. Sekretariatet har hatt dialog med kommunene om å legge kontrollutvalgets møteinnkallinger og protokoller godt synlig ute på kommunens hjemmeside.

Sekretariatet har i 2017 tatt i bruk en egen hjemmeside www.kontrollutvalgromsdal.no
På siden er det informasjon om sekretariatet og kontrollutvalgene. Det er en fane for hvert utvalg, der en finner møteinnkalling, protokoller, forvaltningsrevisjonsrapporter og annen relevant informasjon.

4.7 Fortsatt drift

Resultatet fra kommunesammenslåingsprosessene vil også få konsekvenser for sekretariatets arbeid. Dette er en problemstilling det vil være nødvendig å arbeide med de neste årene.

For øvrig vurderes det at Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal er solid og fremdeles godt i stand til å levere sekretariatstjenester til kontrollutvalgene.

5. SAMMENDRAG

2017 har vært et normalt driftsår for sekretariatet. Aktiviteten i kontrollutvalgene har også i år vært høy og kompleksiteten i sakene øker, noe som medfører tilsvarende stor aktivitet for sekretariatet. Det er stadig større fokus på kontrollutvalgenes rolle og oppgaver, noe som igjen krever at sekretariatet har de nødvendige ressurser tilgjengelig. Et velfungerende sekretariat er en forutsetning for at kontrollutvalgene skal kunne utføre sine tilsyns- og kontrollfunksjoner på en god måte. Sekretariatet bruker aktivt nettverk med andre sekretariat, og det jobbes med å få til en felles metodikk og system for kontrollaktiviteter i kontrollutvalgene.
Det er en kjensgjerning at kommunesammenslåinger også vil ha konsekvenser for sekretariatet. Dette er noe som må avklares, frem til kommunesammenslåingene skal trå i kraft 1.1.2020.

Styret for
Kontrollutvalgssekretariatet

Molde, 25. april 2018

Stig Holmstrøm leder	Lars Ramstad nestleder	Øyvind Gjøen styremedlem
Trygve Grydeland styremedlem	Ingvar Hals styremedlem	Synnøve Egge varamedlem
Ole Rakvåg varamedlem	Jostein Øverås varamedlem	Odd-Helge Gravem varamedlem

VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe:	2018-1535/03
Arkiv:	216
Saksbehandlar:	Jane Anita Aspen
Dato:	30.4.2018

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 16/18	Kontrollutvalet	9.5.2018

REKNESKAPSREVISJON. PRESENTASJON ÅRSOPPGJER 2017

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet tar revisjonen sin rapport frå årsoppgjeret 2017 til orientering.

Kontrollutvalet ber revisjonen melde tilbake til kontrollutvalet om merknadar og forslag til forbetringar blir følgt opp av administrasjonen.

Bakgrunn for saka

Med heimel i kommunelova § 77 nr. 4, skal kontrollutvalet påsjå at kommunen sitt årsrekneskap blir revidert på en trygg måte, under dette å halde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påsjå at det skjer i samsvar med dei reglar som følgjer av lov og forskrift. Dette skjer bl.a. ved at revisor melder om sitt arbeid til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har fått følgjande orienteringar frå oppdragsansvarlig revisor:

- Kommunikasjons-/revisjonsplan 2017 i møte 22.11.17, sak 32/17.
- Interimsrapport rekneskapsrevisjon – revisjonsåret 2017 i møte 20.2.18, sak 04/18.

Etter oppdragsavtalen som er inngått mellom kontrollutvalet og Møre og Romsdal Revisjon IKS, skal revisjonen også rapportere til kontrollutvalet etter utført årsoppgjersrevisjon.

VURDERING

Revisjonen har no avslutta sin revisjon av årsrekneskapet til Vestnes kommune for rekneskapsåret 2017. Revisjonen har utarbeida ei revisjonsberetning datert 15.4.2018. Revisjonen har gjennom sitt revisjonsarbeid også observert forbetringsområder, som ikkje har innverknad på revisjonsberetninga. Revisjonen vil i dette møte orientere om utført revisjonsarbeid og summere opp forbetringspunkt og merknader.

Kontrollutvalet må i det vidare arbeidet sjå til at revisor sine merknadar og forslag til forbetringar blir følgt opp av administrasjonen.

Jane Anita Aspen
daglig leder

VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2018-1535/03
Arkiv: 210 &13
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 30.4.2018

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 17/18	Kontrollutvalet	9.5.2018

VESTNES KOMMUNE. ÅRSREKNESKAP FOR 2017

Sekretariatet sitt forslag til fråsegn

Kontrollutvalet har i møte 9.5.2018, sak 16/18, handsama Vestnes kommune sin årsrekneskap for 2017.

Grunnlaget for handsaminga har vore årsrekneskapen for 2017, administrasjonssjefen si årsmelding for 2017, revisjonsmelding av 15. april 2018 og nummerert brev nr. 1/2018. I tillegg har revisjonen og administrasjonssjef/økonomisjef supplert utvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Årsrekneskapen inneheld dei oppstillingane som lovkrava seier at rekneskapen skal innehalde. Årsrekneskapen er avlagt 15.2.2018 av rådmann og rekneskapsansvarleg i Molde kommune som Vestnes kjøper rekneskapstenester frå.

Vestnes kommune sin rekneskap for 2017 viser kr 466 320 355.- til fordeling til drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 4 162 715.-. Netto driftsresultat er kr 4 610 995.-. Avsett til disposisjonsfond er kr 3 309 031.-.

Kontrollutvalet har merka seg at netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er på 0,9 % og ligg godt under fylkesmannen sitt måltal på 1,75 %. Disposisjonsfondet er på berre 1,4 % av brutto driftsinntekter. Fylkesmannen sitt måltal er på minimum 4 %.
Kommunen står føre fleire store investeringar, og for å kunne takle ei auke i lånerente er det viktig at kommunen har ein god margin å gå på i netto driftsresultat og også ein buffer i eit disposisjonsfond.

Etter revisjonen si vurdering er årsrekneskapen avlagd i samsvar med lov og forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk.
I revisjonen sin uttale om øvrige lovmessige krav, så er det ein merknad til at driftsbudsjettet ikkje vart vedtatt i balanse slik budsjettforskrifta § 5 seier. Det er også skive eit nummerert brev om dette.

Etter utvalet sin gjennomgang av rekneskap, årsmelding og revisor si melding, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen gir eit forsvarleg uttrykk for resultatet av Vestnes kommune si verksemd og for kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12.2017.

Kontrollutvalet rår til at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen for Vestnes kommune for 2017 slik den er avlagt.

Bakgrunn for saka

Etter lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 77 nr 4 skal kontrollutvalet

"påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte."

Med heimel i lovreglane har Kommunaldepartementet gitt Forskrift 15.juni 2004 nr. 905 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (kontrollutvalsforskrifta) kor kontrollutvalet sine oppgåver i samband med rekneskapsrevisjon kjem fram av kapittel 4.

Det følgjer av forskrifta § 7 at kontrollutvalet skal gje fråsegn om årsrekneskapen før det vert vedteke av kommunestyret. Fråsegna vert gjeve til kommunestyret med kopi til formannskapet og følgjer formannskapet si handsaming og tilråding om årsrekneskapen til kommunestyret.

Vedlagt følgjer:

- Revisjonsmelding, datert 15. april 2018
- Nummerert brev 1/2018 vedrørende krav om at årsbudsjettene til kommunene skal setts opp i balanse

VURDERING

Grunnlaget for handsaminga har vore årsrekneskapen for 2017, administrasjonssjefen si årsmelding for 2017, revisjonsmelding av 15. april 2018 og nummerert brev nr. 1/2018 som gjeld krav om at årsbudsjettet til kommunen skal setjast opp i balanse.

Rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr 4 162 715.-. Netto driftsresultat er kr 4 610 995.-.

I revisjonen sin uttale om øvrige lovmessige krav, er det ein merknad til at driftsbudsjettet ikkje vart vedtatt i balanse slik budsjettforskrifta § 5 seier. Kommunestyret har i budsjettvedtaket gjort eit vedtak der det vart budsjettert med overskot. Formelt sett gjer ein dette ved at kommunestyret sjølv vedtar eit årsbudsjettet i balanse der innsparing vil bli sett av til disposisjonsfond.

Nokre nøkkeltal
*Tala er frå foreløpige KOSTRA-tal

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2017*	2016	2015	Fylkesmannen sitt måltal
Vestnes kommune	0,9	0,5	-0,6	1,75

Dette viser andelen av driftsinntektene som ikkje er brukt i drifta. Tala viser at kommunen ligg godt under fylkesmannen sitt måltal på 1,75%

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	2017*	2016	2015	Fylkesmannen sitt måltal
Vestnes kommune	1,4	0,3	0,2	Minimum 4 %

Kommunen treng eit disposisjonsfond av ein viss størrelse for å møte uføresette utgifter og svikt i dei frie inntektene. Sjølv om Vestnes kommune sitt disposisjonsfond ligg under fylkesmannen sitt måltal, så er det ei positiv utvikling.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter for kommunekonsern	2017*	2016	2015	Fylkesmannen sitt måltal
Vestnes kommune	58,5	55,3	50,4	50 %

Dette nøkkeltalet seier noko om kommunen si fordeling mellom gjeld og eigenkapital. Lånegjelda til Vestnes er lågare enn fylkes- og landssnittet, sjølv om det er høgare enn fylkesmannen sitt måltal . For å kunne takle ei auke i lånerente er det viktig at kommunen har ein god margin å gå på i netto driftsresultat og også ein buffer i eit disposisjonsfond. Med store investeringar som står for tur, så vil dette vere viktig.

Premieavik er differansen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad. I Vestnes kommune er premieavviket redusert med kr 4 373 052,- frå 2016 til 2017. Totalt premieavvik pr. 31.12.2017 utgjer kr 58 652 157,-.

Investeringsrekneskapen viser at det var unytta løyvingar på 117,9 mill. kroner. Årsaka er at ein del prosjekt det er gitt løyving til ikkje vart starta opp, eller vart ferdig i 2017.

Av Note GKRS nr. 6, 3.1.3. nr. 2 går det fram at det i 2017 blei avskrive ca. kr 900 000 i gamle kundefordringar og trygderefusjonar vart. Det er også utgiftsført ca. 1,6 mill.kr. som var for mykje balanseført som utestående krav. Det har samanheng med at arbeidsgjevarsona er redusert.

Tidlegare år har kontrollutvalet, saman med revisjonsmeldinga, motteke eit brev der revisjonen har kome med kommentarar til rekneskapen som ikkje kjem fram av revisjonsmeldinga. Grunna kapasitetsutfordringar hos revisjonen, mottar ikkje kontrollutvalet eit slikt brev, men oppdragsansvarleg revisor vil i møte gje utvalet ein presentasjon av årsoppgjersrevisjone.

Sekretariatet meiner det ikkje har framkome forhold som må omtalast spesielt i kontrollutvalet si fråsegn. Dersom gjennomgangen i møtet bringer fram nye opplysningar, kan det gjerast endring i forhold til utkast til fråsegn.

Kommunen sin årsrekneskap 2017 vert sendt ut elektronisk som eige vedlegg. Administrasjonssjefen si årsmelding 2017, har utvalet fått utdelt i trykt utgåve.

Jane Anita Aspen
daglig leder

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal
Kommunenr: 1535
Dato: 16 APR 2018
Saks nr: 1535
Løpenr: 164/18
Arkivkode: 210
Gradering:

MRR

Møre og Romsdal Revisjon IKS

Til kommunestyret i Vestnes kommune

Kopi:
Kontrollutvalget,Formannskapet
Administrasjonssjefen

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon
Vi har revidert Vestnes kommunes årsregnskap som viser kr 466 320 355 til fordeling drift og et regnskapsmessig mindreforbruk på kr 4 162 715. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2017, driftsregnskap, investeringsregnskap og økonomiske oversikter for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Vestnes kommune per 31. desember 2017, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen
Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av kommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon
Administrasjonssjefen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av informasjon i kommunens årsrapport, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.
I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det.

Administrasjonssjefens ansvar for årsregnskapet
Administrasjonssjefen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Administrasjonssjefen er også ansvarlig for slik intern kontroll han finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Postadresse: Møre og Romsdal Revisjon IKS, Kaibakken 1, 6509 Kristiansund
Avd. Molde: Julsundveien 47A, 6412 Molde - Avd. Surnadal: Bårdshaugvegen 1, 6650 Surnadal
e-post: post@mrrevisjon.no
Organisasjonsnummer 917 802 149

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet
Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.
For videre beskrivelse av revisors oppgaver vises det til: www.nkrf.no/revisjonsberetninger

Vi kommuniserer med kontrollutvalget og administrasjonssjefen blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon med forbehold om budsjett
Driftsbudsjettet ble ikke vedtatt i balanse slik budsjettforskriften § 5 sier.

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi, med unntak av forholdet beskrevet i avsnittet ovenfor, at de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet i det alt vesentlige er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsberetningen
Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter

Konklusjon om registrering og dokumentasjon
Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Molde 15. april 2018
Møre og Romsdal Revisjon IKS

Anne Oterhals

Anne Oterhals
oppdragsansvarlig revisor

MRR

Møre og Romsdal Revisjon IKS

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal	
Kommunenr: 1535	
Dato: 16 APR 2018	
Saks og [illegible] 1535	Løpenr: 165/18
Arkivkode: 210 & 00	Gradering:

Kontrollutvalget og Administrasjonssjefen

Vestnes kommune

Nummerert brev 1/2018
Vedrørende krav om at årsbudsjettene til kommunene skal settes opp i balanse

I forbindelse med avleggelse av revisjonsberetning for 2017 tok vi inn et forbehold i forhold til at driftsbudsjettet var vedtatt med et overskudd på 4,8 million kroner.
Det er veldig positivt at Vestnes kommune har får lagt inn mål om et positivt driftsresultat. Og ekstra positivt at kommunen faktisk klarte det i 2017.

Formelt sett så gjøres dette ved at kommunestyret selv vedtar et årsbudsjett i balanse der innsparingen blir satt av til disposisjonsfond, eller slik budsjettforskriften sier til bruk i senere år

Kommunestyret i Vestnes kommune vedtok 15. desember 2016 i kommunestyret sak PS 1141/2016 driftsbudsjettet for 2017. I punkt 9 i vedtaket står det
«Budsjettert overskot for 2017 på 4,8 mill er begrunna med at Vestnes kommunestyre ser at vi treng dette for å møte investeringsbehovet i dei nærmaste åra; t.d nytt helse- og velferdsenter, ny felles ungdomsskule og evt renovering av Tomrefjord Idrettsbygg.

Forskrift om årsbudsjett fastslår at budsjettet skal settes opp i balanse:
§ 5. Årsbudsjettets deler
Driftsbudsjettet skal settes opp i balanse, slik at alle inntekter, innbetalinger og bruk av avsetninger er endelig disponert eller ført opp til avsetning for bruk i senere budsjettperioder. Dersom kommunestyret eller fylkestinget tidligere har vedtatt å fordele et regnskapsmessig merforbruk over flere år, jf. kommuneloven § 48 nr. 4, skal slik avsetning være dekket inn. Tilsvarende gjelder for øvrige pliktige avsetninger.

Når det er tatt et forbehold i revisjonsberetningen skal det sendes et nummerert brev til kontrollutvalget og kommunen.

Molde 16. april 2018

Anne Oterhals

Anne Oterhals
Oppdragsansvarlig revisor

Postadresse: Møre og Romsdal Revisjon IKS, Kaibakken 1, 6509 Kristiansund
Avd. Molde: Julsundveien 47A, 6412 Molde - Avd. Surnadal: Bårdshaugvegen 1, 6650 Surnadal
e-post: post@mrrevisjon.no
Organisasjonsnummer 917 802 149

VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2018-1535/03
Arkiv: 210
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 26.4.2018

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 18/18	Kontrollutvalet	9.5.2018

VESTNES KOMMUNE. DRIFTSRAPPORT PR. 1. KVARTAL 2018

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet tek driftsrapport pr. 1. kvartal 2018 til orientering.

Bakgrunn for saka

Etter i lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 77 nr. 4 skal kontrollutvalet:

"påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte."

Med heimel i lova har Kommunaldepartementet gitt Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar (kontrollutvalsforskrifta), kor kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon går fram av kapittel 4.

Med heimel i kommunelova § 46 nr. 8, har Kommunaldepartementet gitt **Forskrift om årsbudsjett for kommuner.**

I § 10 i Forskrifta går det fram at administrasjonssjefen gjennom budsjettåret skal legge fram rapportar for kommunestyret som viser utviklinga i inntekter og utgifter i tråd med vedtatt årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen finn rimeleg grunn til å tru at det kan oppstå store avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportane til kommunestyret leggast fram forslag til naudsynte tiltak. Rapporteringa skal minimum skje to gonger pr. år jf. merknad til paragraf 10.

I § 11 går det fram at det skal gjerast endringar i årsbudsjettet når dette vert vurdert påkravd. Det er kommunestyret sjølv som skal vedta dei naudsynte endringar i årsbudsjettet.

I § 12 går det fram at oversiktene skal innehalde inntekter, utgifter, avsetningar og bruk av avsetningar og bygge på same grunnlag som vedtatt årsbudsjett.

I Vestnes kommune sitt økonomireglement stå det at «Vestnes har tre årlege rapporteringar til kommunestyret, for kvart kvartal, og i tillegg årsrapporten.
Kvartalsrapportane skal innehalde:

- Økonomi, drift og investering
- Sjukefråvær
- Befolkningsendring (dersom oppdaterte tal er klar)
- Oppfølging av politiske vedtak
- Tilsyn
- Finansforvaltning
- Evt. andre vesentlege avvik eller forhold kommunestyret bør få opplysningar om.

I kvartalsrapportane skal det være med oversikt over framdrift, forbruk og opplysning om evt. forventa avvik på dei einskilde investeringsprosjekt.»

Vedlagt saka følgjer:

- Saksframlegg til kommunestyre 26.4.2018 sak 26/2018.

VURDERING

Kommunestyre i Vestnes behandla driftsrapport pr. 1. kvartal i møte 26.4.2018.
Viser her til vedlagt saksframlegg til kommunestyremøte 26.4.2018 sak 26/2018.

Administrasjonssjefen skriv at slik ein vurder det pr. i dag vil ein ikkje klare å få overskot i drifta. Det er heller ikkje sikker at ein klarer å unngå eit underskot.
For å unngå underskot må eksterne inntekter bli vesentleg høgre enn det vi kjenner til i dag.

Eksterne inntekter ser ut til å bli mindre enn budsjettert. Det er spesielt tilskott til ressurskrevjande brukarar som vet betydeleg mindre enn budsjettert. Administrasjonssjefen vurderer at inntektene vert 6,0-7,0 mill. kr. mindre enn budsjettert. Eksterne inntekter er antyda å bli 5,0 mill. kr. mindre enn budsjettert, men så tidleg på året er det fleire inntekter som er usikre. Spesielt gjeld dette skatteinntekter.

Fleire driftseiningar ligg an til å få meirforbruk. Administrasjonssjefen vil kome tilbake i neste driftsrapport å antyde kor stort eit meirforbruk evt. vil bli. Det vil bli sett i verk ekstra tiltak for å redusere forbruket så mykje som mogeleg.

I driftsrapporten kjem det fram at det fortsatt er ein del eldre fordringar som ein bør vurdere å avskrive. Dette vert gjort i år, skriv administrasjonssjefen.
Finans- og gjeldsrapporten viser at det ikkje er lån som må refinansierast i løpet av dei neste 12 månadane. Det er ikkje teke opp nye lån enno i år. Administrasjonssjefen reknar med eti låneopptak på vel 70,0 mill. kr til å finansiere årets investeringar og Tomrefjord idrettsbygg. Det er no klare signal om at renta vil stige noko utover i året, og også dei kommande år.

Driftsrapporten inneheld også oversikt over investeringsbudsjett, endring i innbyggjartal 2017, oversikt over oppfølging av politiske vedtak som ikkje er gjennomført pr. april 2018, samt tilsyn og sjukefråvær.

Når det gjeld investeringsbudsjettet, så skriv administrasjonssjefen at ein vil kome tilbake med detaljert status på kvart einskild prosjekt i neste driftsrapport. Vedlagt driftsrapporten ligg rapport frå eining eigedomsdrift med statusrapport på arbeidet med Tomrefjord idrettshall.

Når det gjeld tilsyn, så bør kontrollutvalet be om å få tilsendt tilsynsrapportar frå tilsyn med grunnskoleopplæringa for vaksne i Vestnes, når den førelegg, samt tilsynsrapport frå tilsyn med kommunen som miljøvernmyndigheit og dokumentasjon frå oppfølging av dette tilsynet.

Sekretær er ikkje kjend med at det er feil eller manglar ved den framlagde driftsrapporten.

Jane Anita Aspen
daglig leder

VESTNES KOMMUNE

Saksframlegg

Arkiv: 210
Arkivsaksnr.: 2018/120
Saksbehandlar: Magne Værholm/Tone Roaldsnes frå pkt 9
Dato: 22.03.2018

Driftsrapport pr. 1. kvartal 2018

Utval	Møtedato	Utvalssak
Formannskapet	16.04.2018	26/2018
Kommunestyret		

Administrasjonssjefen si innstilling

1. Vestnes kommunestyre tek driftsrapport pr. 1. kvartal til orientering og godkjenner at administrasjonssjefen arbeidar vidare med dei sparetiltak som går fram av saksframlegget.
2. Vestnes kommunestyre godkjenner oppfølgjing av politiske vedtak skissert i saksutgreiinga pkt. 9.

SAKSUTGREIING:

1. Innleiing

Økonomiplan 2018 – 2021 og driftsbudsjett for 2018 (inkl. investeringsbudsjett) vart godkjent av kommunestyret i sak KST 117/17.

I tillegg vart det i sak KST 19/18 godkjent overført ubrukte løyvingar frå tidlegare år til 2018. Økonomiplan og budsjett er oversendt til Fylkesmann. Sidan vi ikkje lenger er innmeldt på ROBEK lista treng, vi ikkje godkjenning derifrå. Vi plar likevel få tilbakemelding med kommentarar til budsjettet. Det har vi ikkje fått enno.

2. Oppsummering pr. 1. kvartal 2018

- Budsjett 2018 er svært stramt, truleg det strammaste på svært mange år. Bakgrunnen for det er at utgiftene aukar meir enn tilsvarande auke i inntektene.
- For å få budsjett i balanse utan ytterlegare sparetiltak vart m.a. budsjettert pensjonskostnad sett til 15 % mot tidlegare år 17%. Siste åra har vi hatt ein «reservepost» ved at det har vorte ein del innsparing på pensjonskostnaden. Det kan vi ikkje forvente i år.

- Eksterne inntekter ser ut til å bli mindre enn budsjettert. Det er spesielt tilskott til ressurskrevjande brukarar som vert betydeleg mindre enn budsjettert.
- Eksterne inntekter er antyda å bli 5,0 mill. kr mindre enn budsjettert. Men så tidleg på året er det fleire inntekter som er usikre. Vi berre må håpe på at skatteinntektene, utbytte frå VEAS og utbetaling frå havbruksfondet vert høgre enn budsjettert.

- Fleire driftseiningar ligg an til å få meirforbruk, det kan være sparetiltak ein ikkje klarer å finne inndekning for, nye oppgåver er komme til eller ein må yte meir tenester til brukarar ein allereie har.

- Administrasjonssjefen har på fleire einingleiarmøte sterkt oppmoda alle om å gjere tiltak så langt det er mogeleg, innanfor det som er fagleg forsvarleg, for å redusere utgiftene for at vi skal klare å holde budsjettet.
- Tiltak som er mest aktuell på kort sikt er å redusere vikarinntak, overtid og ekstrahjelp mest mogeleg.
- Som det går fram av saka vil det også bli vurdert andre tiltak, m.a. om det er mogeleg å redusere spes. ped. utgiftene, redusere utgifter til støttekontakt, BPA, tildelte timar til hjelp i heimen. Vi ynskjer også å vurdere kostnaden med middagsutlevering til heimebuande.

- Det vert ikkje føreslått budsjettendringar no, det vil vi kome tilbake med i neste driftsrapport når vi har sikrare prognosar.

- **Det er budsjettert med eit overskott på 4,6 mill. kr i år.**
- **Slik vi vurderer det pr. i dag vil vi ikkje klare å få overskott på drifta. Det er heller ikkje sikkert vi klarer å unngå eit underskott.**
- **For å unngå underskott må eksterne inntekter bli vesentleg høgre enn det vi kjenner til i dag.**

3. Budsjett samanlikna mot forbruk 2017

Eining Alle tal i 1000 kr	Rekneskap 2 017	Budsjett 2 018	Endring 2017 - 2018 kroner	i %
Politisik verksemd	6 523	6 260	-263	-4,0
Sentraladm./servicektr./fellesutg.	27 995	29 265	1 270	4,5
Grunnskule	82 211	81 000	-1 211	-1,5
Barnehage	41 524	41 429	-95	-0,2
Kulturskulen, kultur og fritid	14 219	14 573	354	2,5
Vaksenoppl. og flyktningetenesta	10 706	10 172	-534	-5,0
Barn, ungdom og familie	29 976	31 507	1 531	5,1
Helse, omsorg og velferd	136 184	134 078	-2 106	-1,5
Bu- og habiliteringstenestene	121 445	130 189	8 744	7,2
Eigedomsdrift	28 217	27 200	-1 017	-3,6
Teknisk sektor	14 445	14 500	55	0,4
Kjøp tenester Tremek	2 490	2 200	-290	-11,6
Avsatt til lønsauke		6 026	6 026	
Sum driftsutgifter	515 935	528 399	12 464	2,4

- Budsjett 2018 er 12,5 mill. kr høgre enn forbruk i 2017, tilsvarer ein auke på 2,4 %.
- Dette er nok litt mindre auke enn forventa løns- og prisauke.
- Bu- og habiliteringstenestene har stor auke, det skuldast m.a. at fleire ressurskrevjande brukarar har auka ressursbruk.
- Generelt er budsjettet for mange av områda lågare i 2018 enn det som var forbruk i 2017. Det vil bety strammare drift og nye tiltak for å klare å holde tildelt budsjett. Vi kjem tilbake til det seinare i rapporten.

4. Driftsbudsjett 2018

4.1 Driftsinntekter

Alle tal i 1000 kr	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Prognose 2018	Avvik
Statlige overføringar				
Skatt og skatteutjamning	184 700	187 000	187 000	0
Rammeoverføring	158 199	168 300	168 500	200
Vertskommunetilskott	103 790	104 000	104 500	500
Ressurskr. brukarar	26 704	35 000	28 000	-7 000
Integreringstilskott	14 173	11 000	12 200	1 200
Havbruksfond	0	0	?	?
Komp eldreutb/skule m.m.	2 128	3 000	2 500	-500
Sum statlege overføringar	489 694	508 300	502 700	-5 600
Eigedomsskatt	18 934	19 000	19 600	600
Utbytte VEAS	6 100	3 000	3 000	0
Sum andre inntekter	25 034	22 000	22 600	600
Sum eksterne inntekter	514 728	530 300	525 300	-5 000

* Det er enno tidleg på året og ein del rundt eksterne inntekter er usikkert, spesielt skatteinntekter. Først i driftsrapport pr. 1. halvår vil vi ha meir sikre tal.

Skatt- og skatteutjamning

Var budsjettert som oppgitt i statsbudsjettet.

	Sum
Budsjett 2018	187 000 000
Rekneskap 2017	184 731 000
Budsjettert auke	2 269 000

Auke i %	1,2

Det var svært god skatteinngang på landsbasis i 2016 og 2017. Frå sentralt hald vert det peika på at det ikkje er forventa at skatteinngangen skal auke så mykje i 2018.

Skatt- og skatteutjamning vert utrekna etter folketal pr. 01.01.18. Innbyggjartalet i Vestnes gjekk ned i 2017, og dermed vert prognose for skatt- og skatteutjamning korrigert. Ny prognose er 1,5 mill. kr mindre enn budsjettert.
Første 2 månadane i år var skatteinngangen 0,6 mill. kr høgre enn i tilsvarande periode i 2017.

Vi må få skattetala for mars før vi har signal om korleis skatteinngangen vert i år.
Men vi håper og trur at skatt- og skatteutjamning vert som budsjettert.

Rammeoverføringane

Vert om lag som budsjettert, inkl. 1,0 mill. kr i forventa ekstra skjønsmidlar frå Fylkesmannen.

Ressurskrevjande brukarar

Her er inntekstsanslaget for høgt.
Inntektene kjem til å bli mindre enn budsjettert, det er fleire årsaker til det, nemner:

- Tilskott for 2017 vart inntektsført i 2017 rekneskapen. Kravet skal først vere sendt inn til helsedirektoratet innan 04.04.18. Det er innskjerpa krav frå helsedirektoratet for kva utgifter som kan takast med i refusjonskravet. Revisjonen har og fått krav om strengare kontroll.
  Det ser ut til at vi vil få vel 2,1 mill. kr i tilskott for 2017 enn det vi har inntektsført. Det må førast som utgift i 2018.
- Vi må også redusere forventa krav for 2018 med minst tilsvarande sum.
- Når statsbudsjett 2018 vart godtkjent vart også innslagspunktet for kvar brukar auka med kr 50.000,- utover løns- og prisauke.
  Det utgjer eit tap på kr 750.000,- for Vestnes kommune.
- Budsjettert inntekt var nok i utgangspunktet også vurdert noko for høgt.

Det kan sjå ut som sentrale myndigheiter bevisst endrar føresetnadane for å få tilskott til ressurskrevjande brukarar slik at overføringane til kommunane skal bli redusert.

Vi vurderer at inntektene vert 6,0 – 7,0 mill. kr mindre enn budsjettert.

Havbruksfondet

Stortinget har vedteke å opprette eit Havbruksfond. Fra og med 2016 skal
80 % av inntektene fra framtidig vekst i oppdrettsnæringen fordelast gjennom Havbruksfondet til kommunal sektor (kommuner og fylkeskommuner). Fiskeridirektoratet er ansvarlig for utbetalingene.

Alle kommunar og fylkeskommunar som har lokalitetar for oppdrett av laks og aure i sjøvatn får en respektiv andel av inntektene som skal fordelast årleg.

Første utbetaling var i 2017, Vestnes kommune fekk då kr 163.000,-, vi håper på ein større sum i 2018.

Utbetaling skal skje i oktober, og vi får nok ikkje sikre tal på kor stort tilskottet vert før seinare i år.

Integreringstilskott

Statleg tilskott til flyktningane som er busett i Vestnes kommune siden 2013.
Tilskottet skal dekke utgiftene kommunen har.
Forventer at tilskottet vert 1,2 mill. kr høgre enn budsjettet, her føresett at det vert busett 10 nye flyktningar i år.

Utbytte frå VEAS

Budsjettert med utbytte på 3,0 mill. kr, som var prognosen frå selskapet.
Etter det vi får opplyst er rekneskapen i VEAS ikkje avslutta og vi kjenner ikkje til kva faktisk utbytte vert.

4.2 Driftsutgifter

Nokre nøkkeltal

	2016	2017	2018
Nto. forbruk av totalbudsjett	26,7	27,3	28,0
Lønsutbetaling i % av totalbudsjett pr 1. kvartal	23,7	23,6	24,2

- **Forbruket i år er høgre enn tidlegare år.**
- **Vi reknar med at eit forbruk på 27 % pr. 1. kvartal er normalt. Vi ligg over det i år.**
- **Budsjetta til dei fleste einingane er strammare i år enn tidlegare, kanskje for nokre på grensa til å være urealistisk.**
- **Pr. i dag vurderer vi at det kan bli vanskeleg å holde drifta i balanse, og at fleire einingar kan få meirforbruk.**
- **Det er vanskeleg så tidleg på året å antyde kor stort eit meirforbruk evt. vil bli. Dette kjem vi nærare tilbake til i neste driftsrapport.**
- **Administrasjonssjefen vil sette i verk ekstra tiltak for å redusere forbruket så mykje som mogeleg.**

Hovudoversikt

Formål	Rekneskap 2 018	Budsjett 2 018	Forbruk i % 2 018
Politisk verksemd	2 239	6 260	35,8
Sentraladm/servicektr/fellesutg *	10 476	35 291	29,7
Grunnskule	21 723	81 000	26,8
Barnehage	11 499	41 429	27,8
Kulturskulen, almen kultur og fritid	4 164	14 573	28,6
Kvalifisering og integrering	3 184	10 172	31,3
Barn, ungdom og familie	9 027	31 507	28,7
Helse, omsorg og velferd	36 725	134 078	27,4
Bu- og habiliteringstenestene	34 731	130 189	26,7
Eigedomsdrift	9 139	27 200	33,6
Teknisk sektor	3 684	14 500	25,4
Kjøp tenester Tremek	1 135	2 200	51,6
Sum driftsutgifter	147 726	528 399	28,0

4.2.1 Nokre kommentarar til drifta

Grunnskule

Når rapporten vart laga er det mykje refusjonar for undervisning til barn som er i fosterheimar i andre kommunar og kjøp av skuleplass ved Tøndergård som ikkje er ført.
Sjølv om forbruket ligg innafor det vi reknar som normalt så vurderer vi det likevel slik at det kan bli meirforbruk på grunnskulesektore. Det er spesielt fellesutgiftene som kan bli høgre enn budsjettert.

Vestnes har høgdt forbruk av speialundervisning, og vi betaler også mykje for slik undervining til kommunane som har fosterheimselevar. Det er ulik synspunkt på effekten av slik undervisning.

Utgiftene ved SFO er også høge samanlikna med andre kommunar, vi må også sjå om det er mogeleg å redusere utgiftene her.

- **Administrasjonsjefen vil rå til at alle vedtak om spes. ped. vert vurdert på nytt for å sjå om det er mogeleg å redusere utgiftene.**
- **Utanom dette er det ikkje så mange tiltak ein kan sette i verk for å spare før ad-hoc utvalet for skule har gjort sine vurderingar og komme med tilråding.**

Barnehage

Forbruket ligg noko over normalen, og det kan ligge an til meirforbruk. Reservesum til uforutsette utgifter dersom ein har barn som treng ekstra bemanning grunna helsemessige årsaker er redusert i år.

Det aller meste av utgiftene innan barnehagedrifta er personalkostnad. I barnehagesektoren er også det meste av bemanningsfaktoren normert, så ant. personale og utdanning følgjer lovkrava, og vi har liten eller ingen påverknad på kostnaden.
Det er difor vanskeleg å redusere kostnaden, den følgjer stort sett etter kor mange plassar vi har i bruk.

Barnehagane vert oppmoda om å redusere overtid og inntak av vikarar, og elles forsiktig med innkjøp.

- **På førstkommande leiarmøte med barnehagane skal vi drøfte økonomisituasjonen og komme fram til tiltak som er felles for alle barnehagane.**

Kulturskule, kultur og fritid
Einingsleiar vurderer at det slik at dei (heile eininga) vil klare å halde tildelt budsjett. For **kulturskulen** er det avgjerande at inntektene held seg stabile, og det ikkje vert store endringar i elevmassen for neste skuleår.
Kulturskulen har stramma inn på bruk av vikar ved korttidsfråver, samt kutta i sal av verkstader utanfor eigen kommune.
Dei har også vurdert å sei opp avtalen om kjøp av danselærar frå operaen i Kristiansund. Her har dei derimot gjort ein del grep og vil behalde tilbodet.

Barn, ungdom og familie
For barneverntenesta vil utgiftene svinge i takt med kva tiltak som er nødvendig å sette inn rundt barn og familiar. Pr. i dag så er det nokre fleire barn som er plassert i fosterheim eller i statleg institusjon enn i 2017, men dette kan variere.

Eininga har eit stort press for å gje meir teneste til både barn og eldre med rus og/eller psykiatriproblem. Her vert det gjeve signal frå eininga om at det er fleire som vil ha behov for meir tenester i nær framtid.
Eininga gjer også merksam på at det bør arbeidast med å få til samlokalisert bustad der ein kan gje tilbud til fleire som har behov for det. Dette er noko ein kjem tilbake til seinare, kanskje i driftsbudsjett for 2019.

Eininga har søkt om tilskott til fleire ulike prosjekt, og fått tilsagn om fleire tilskott i år. Tiltak er i planleggingsfase no, vi vil komme tilbake med meir orientering om dette i neste driftsrapport.

Eininga sparer m.a. ved at det er redusert inntak av vikarar ved sjukdom og vakanse.

- **Dersom det ikkje kjem store uforutsette utgifter som vi ikkje kjenner til no så vurderer vi at eininga vil klare å holde budsjettet.**

Helse, omsorg og velferd
Sektoren fekk eit sparetiltak på 2,5 mill. kr i år. Å spare heile denne summen er, etter vår vurdering, vanskeleg utan at fleire rom på institusjonane må stå tom. Og då så mange at ein klarer å spare minst eit personale på vakt på dagtid.
Fram til no har ein ikkje greidd å få til dette, presset på institusjonsplass har vore for stort. Alternativet er at utskrivingsklare pasientar må ligge på sjukehuset fordi vi ikkje klarer å ta imot dei. Det vil då ikkje gje spareeffekt.

Både institusjonane og heimetenesta skal redusere sjukevikarinntak, overtid og ekstrahjelp så mykje som er fagleg forsvarleg.

- **Administrasjonsjefen vil rå til at alle vedtak om støttekontakt, BPA, tildelte timar til hjelp i heimen vert vurdert på nytt for å sjå om det er mogeleg å gjere reduksjonar.**
- **Administrasjonssjefen vil også ta ein gjennomgang og få oversikt på kor mykje det kostar å lage og bringe mat rundt til heimebuande. Dersom det viser seg at dette er ein høg kostnad kan det være aktuelt å føreslå denne ordninga avvikla. I dag er det så mange gode alternative å få kjøpe i butikkane. Dette vil sjølvsagt verte lagt fram til politisk avgjerd dersom det er aktuelt.**

- **Det må også arbeidast med å legge til rette slik at vi, grunna sparetiltak, kan holde rom tom for å spare personalkostnad. Etter ei fagleg vurdereing er det underetasje ved Tresfjord som er mest aktuell for dette tiltaket. Dette tiltaket er kanskje mest med tanke på 2019 budsjettet.**

Bu- og habiliteringstenestene
Eininga fekk eit sparetiltak på 5,0 mill. kr i år. Det var føresett at ein måtte legge ned minst ei bueining.

Å legge ned bueining, som m.a. krev flytting av brukarar og personale, er arbeidsdkrevjande og vanskeleg. Ein har av ulike årsaker ikkje greidd å få lagt ned bueining enno, men reknar med at det kan skje i mai.
Men det er i staden gjort reduksjonar i personalbruken ved fleire andre bueiningar. Det vert også jobba aktivt i staben for å inkludere flest mogeleg i budsjettet slik at alle jobbar mot målet som er å holde drifta innanfor budsjettramma.

Administrasjonssjefen ynskjer også at dagtilbudet innan bu- og habiliteringstenestene vert vurdert for å sjå om det er mogeleg å redusere kostnadane. Det må også vurderast om noko kan samordnast med Tremek AS.

- **Ut i frå forbruket pr. i dag, ser det ut som ein har lukkast med tiltaka som er sett i verk for å holde budsjettet.**
- **Vi vurderer at eininga kan klare å holde budsjettet i år.**

Kvalifisering og integrering
Einingsleiar vurderer at ein skal klare å holde budsjette.

Eigedomsdrift
Arbeider ut frå at budsjettet skal holdast. For å klare dette kan ein del vedlikehaldsarbeid verte utsett til seinare år.
Usikkerheiten er kor mykje uforutsette ting som skjer og som må utførast for å holde drifta i gang.

Tekniske tenester
Einingsleiar melder at han reknar med å holde budsjettet. Største usikkerheiten er kor mykje snøbrøyting det vert på førjulsvinteren.

Lønsoppgjer
Det var avsett 7,0 mill. kr til å dekke årets lønsoppgjer og lønstillegg gitt hausten 2017.

Lønsforhandlingane haust 2017 var ikkje avslutta når budsjettet vart utarbeidd og difor ikkje innarbeidd i einingane sine budsjett. Dette utgjorde 3,1 mill. kr inkl. sos. utgifter.

Kommunestyret vedtok i sak KST 95/17 å styrke barnehagetilbudet våren 2018 slik at barn på venteliste skulle få plass. Av kostnaden med dette, som vart nesten 1,5 mill. kr, skulle barnehagesektoren sjølv dekke 0,5 mill. kr, resten ved budsjettauke.
Dette var ikkje innarbeidd i budsjett 2018 og for å kunne ta denne budsjettauken må vi enten redusere budsjettert overskott eller ta av avsatt sum til lønsoppgjer.
Vi gjorde i første omgang det siste.
Etter dette er det berre att 2,9 mill. kr til å dekke årets lønsoppgjer. Det kan dekke eit tillegg på ca. 1,5 % frå 01.08.18.

- **Vi reknar med at avsatt sum til å dekke årets lønsoppgjer er for liten. Først i mai når lønsoppgjeret er avslutta vil vi ha oversikt på dette.**

Pensjonskostnader

Auken i pensjonskostnadane har variert mykje frå år til år, avhengig av løns- og trygdeoppgjer, og kor mykje som vert ført som premieavvik (overført til seinare års inndekning), samt økonomisk resultat for KLP.

Vi har ikkje noko påverknad på kor stor sum som skal utgiftsførast. Vi får avrekning frå KLP og Statens pensjonskasse.

Det er **utgiftsført** følgjande pensjonsutgifter siste åra:

	År	Sum	Auke i %
Rekneskap	2010	31 560 000	6,4
	2011	32 500 000	3
	2012	32 600 000	0,3
	2013	40 000 000	22,7
	2014	42 000 000	5
	2015	45 900 000	9,3
	2016	47 900 000	4,4
	2017	50 256 000	4,9
Budsjett	2018	53 349 000	6,1

I tillegg kjem arbeidsgjevaravgift.

Vi har tidlegare år budsjettert med 17 % pensjonskostnad. Den har vorte noko mindre og vi har difor hatt ein del innsparing her som har vore med å dekka meirforbruk andre plassar.

I budsjett 2018 er det rekna med 15 % pensjonskostnad, denne reduksjonen var gjort for å få budsjett i balanse.

- **Vi vurderer at budsjettert sum til pensjonskostnad skal holde, men det vert ikkje noko «reservesum» her slik vi har hatt siste åra.**

Avskriving utestående krav

I 2016 vart det utgiftsført 3,6 mill. kr som tap på utestående krav, og i 2017 2,4 mill. kr.
Det gjeld både gamle krav som har stått på balansekonto, krav på trygderefusjonar som det viser seg at vi ikkje får refundert, tidlegare års feilføringar og krav på utestående fordringar på husleige, barnehage, SFO m.m. som er så gamle at dei bør avskrivast.
Svært mykje er no ordna opp i, men fortsatt er det ein del eldre fordringar som bør vi bør vurdere å avskrive. Dette vert gjort i år.

5. Renter og avdrag

Renter og avdrag vart 22,2 mill. kr i 2017.
I år er det budsjettert 25,3 mill. kr.

Rentenivået er no på veg opp, på fleire av låna våre aukar renta med 0,2 % frå 03.04.18, og signala er ytterlegare auke utover hausten.

Det vil berre bli utgiftsført minimumsavdrag. Denne summen er enno ikkje klar, men det plar stemme godt med det som er budsjettert som avdrag.

- **Vi reknar med at renter og avdrag vert innafor det som er budsjettert.**

6. Finans- og gjeldsrapport

Iflg. Finans- og gjeldsreglementet, som vart vedteke av kommunestyret 15. september 2016, sak KST 79/16, skal administrasjonen rapportere status for finans- og gjeldsforvaltninga til kommunestyret minst to gonger i året i tillegg til rapportering i årsmeldinga.

Lån pr. 31.03.18:

Långjevar	Lånenr.	Opprinneleg beløp	Restgjeld	Rente	Rrentevilkår	Bindingstid	Nedbetalt
Kommunalbanken	20160317	109 836 000	66 515 000	1,70	Fast rente	30.06.2021	2041
Kommunalbanken	20160318	71 940 000	61 828 000	1,97	Fast rente	11.08.2023	2040
Kommunalbanken	20140358	19 063 000	16 394 180	2,69	Fast rente	20.06.2019	2039
Kommunalbanken	20150041	29 550 000	26 004 000	1,30	Fast rente	29.01.2018	2040
Kommunalbanken	20120500	16 725 000	13 937 500	1,72	P.t. rente		2042
Kommunalbanken	20160342	64 649 000	58 408 000	1,76	P.t. rente		2046
Kommunalbanken	20170325	53 058 000	53 058 000	1,40	P.t. rente		2042
KLP kommunekreditt	46847		4 752 000	1,81	Nibor-3 mnd		2024
KLP kommunekreditt	28032		67 594 000	1,78	Nibor-3mnd		2042
Husbanken	14603322	1 029 000	32 000	1,51	Flytande		2019
Husbanken	14608740	6 450 000	1 706 000	1,51	Flytande		2024
Husbanken	14612696	1 205 000	385 000	1,51	Flytande		2024
Husbanken	14615064	32 869 940	7 888 778	0,51	Flytande		2023
Husbanken	Startlån	1 000 000	427 554	1,51	Flytande		2028
Husbanken	Startlån	1 000 000	754 004	1,51	Flytande		2035
Husbanken	Startlån	6 000 000	5 721 462	1,51	Flytande		2037
Husbanken	Startlån	10 000 000	9 089 647	1,51	Flytande		2038
Husbanken	Startlån	4 000 000	3 780 752	1,51	Flytande		2039
Husbanken	Startlån	2 000 000	1 964 007	1,51	Flytande		2046
Husbanken	Startlån	8 000 000	8 000 000	1,51	Flytande		2046
			408 239 884				

- Det har ikkje vore endring i rentenivå sidan nyttår.
- Det er ikkje tatt opp nye lån enno i år, vi reknar med eit låneopptak på vel 70,0 mill. kr til å finansiere årets investeringar og Tomrefjord idrettsbygg.
- Det er betalt 5,4 mill. kr i avdrag i 1. kvartal.
- Denne rapporten vert difor svært lik den vi har med i årsmelding for 2017.

Nøkkeltal

	Pr. 31.12.17	Pr. 31.03.18
Andel fastrente	42,10 %	41,80 %
Gj. Snittleg bindingstid alle lån	1,5 år	1,46 år
Gj. Snittleg bindingstid fast rentelån	3,5 år	3,5 år
Gj. Snittleg rente på alle lån	1,67	1,7

- Alle lån er ordinære lån, dei fleste serielån.
- Det er ikkje lån i sertifikat- eller obligasjonsmarkedet.
- Vi har ingen lån som skal refinansierast i løpet av dei neste 12 månadane.
- Det er no klare signal om at renta vil stige noko utover i året, og også dei kommande år.

Låna er fordelt på følgjande bankar:

	Lånesum
Kommunalbanken	296 145 000
KLP Kommunekreditt	72 345 000
Husbanken	39 750 000
	408 240 000

7. Investeringsbudsjett

Det er godkjent følgjande summar til investeringar i 2018:

- KST 117/17 - Investeringsbudsjett 2018 kr 25.762.000,-
- KST 19/18 - Overførte unytta løyvingar frå 2017 kr 119.179.000,-

  Sum investeringsbudsjett 2018 kr 144.941.000,-

Med unnatak av Tomrefjord idrettshall var all overført løyving frå 2017 finansiert ved låneopptak i 2017.

Pr. 1. kvartal er det utgiftsført 25,4 mill. kr i investeringsrekneskapen.
Det er spesielt 3 prosjekt som har hatt stor aktivitet i 1. kvartal, det er:

- Tomrefjord idrettsbygg, rehabilitering 11,4 mill.kr
- Sjøfronten Helland 7,0 mill. kr
- Buktavegen 2,2 mill. kr

Vi kjem tilbake med detaljert status på kvart einskild prosjekt i neste driftsrapport.

Det ligg vedlagt rapport frå eining eigedomsdrift med statusrapport på arbeidet med Tomrefjord idrettshall.

Elles så nemner vi status på nokre av dei største prosjekta:

Buktavegen:
Arbeidet er i full gang. Forventa ferdig i løpet av første halvår 2019.
Det har blitt noko ekstra masseutskifting på deler av strekninga. I tillegg har vi fått nokre punkt med ekstra tilpassingar av avkøyrsler/garasjer.
Dette var ikkje fullt ut dekt i anbudet, men no var også anbudssummen noko lågare enn budsjettet. Så langt vi ser no, vil forhåpentlegvis totalbudsjettet halde.

Åsbygda: (bustafelt)
Arbeidet går som planlagt. Ferdig til sommaren. Kostnad innafor budsjett.

Bakneset: (bustafelt)
Arbeidet går som planlagt. Ferdig innan utgangen av 2018. Kostnad innafor budsjett.

Misfjordskogen: (industri)
Arbeidet er så vidt starta, men vil gå for fullt i løpet av mai. Ferdig i løpet av første halvår 2019.
Litt strammare budsjett, men så langt ein ser no vil kostnaden bli innafor.

Trohaugen: (industri)Asfalt og litt pussarbeid står att, men vi har budsjett til dette. Vi har venta med asfaltering, pga Tomren Fish sine planer. Dersom dette dreg ut bør vi vurdere å ferdigstille uavhengig av desse planene.

Gamlebrua:
Arbeidet er akkurat starta opp. Reparasjon og utbetring av natursteinspilarar er utført. Trearbeid – utskifting av sidespenna (4 stk) vil bli utført i løpet av sommarhalvåret 2018. Så langt vi ser no, så vil kostnaden ligge innafor budsjett.

Sjøfronten:
Arbeidet er i full gang. På dette prosjektet har det komme ein del uforutsette kostnader. Dette gjeld m.a. flytting av kablar (i grunnen), auka borelenger for stålkjernepelane (meir lausmassar over fjell enn antatt), delvis mangelfull/unøyaktig beskrivelse i anbud (frå konsulent). Desse ekstra kostnadane (til entreprenør og konsulent) vil vi få bedre oversikt over ganske snart (når endeleg oppmåling av gravemengder ligg føre). Gjenståande arbeid – stål, tre, elektro, beplantning er ganske forutsigbart (mengde og pris).

Eigenkapitalinnskudd i KLP
Pensjonsfonda i KLP aukar og det er behov for å auke eigenkapitalen frå kommunane. Dette for å oppretthalde god soliditet.

Eigenkapitalinnskottet som Vestnes må dekke i 2018 vil truleg ligge mellom 2,5 og 3,0 mill. kr. Dette vert ført i investeringsrekneskapen som kjøp av aksjar og må finansierast ved bruk av frie fond eller ved overføring frå driftsbudsjettet. Det er ikkje lov å lånefinansiere det. Kommunestyret må godkjenne budsjettauke og dekning for dette. Vi vil i neste driftsrapport, når vi kjenner eksakt sum, komme med framlegg om budsjettendring.

Vi brukte opp all ubunden investeringsfond i 2017 når vi finansierte Ørskogfjell skisenter og eigenkapitalinnskott i KLP. Dersom vi ikkje får solgt eigendom der salsinntekt kan settast av på nemnde fond må dette dekkast ved bruk av disposisjonsfond eller dekkast over drifta.

Vi må rekne med at vi årleg må løyve minst same sum til eigenkapitalinnskott i KLP og dette bør frå 2019 finansierast ved overføring av midlar frå driftsbudsjett. Det vil sjølvsagt gjere det tilsvarande vanskelegare å få til driftsbudsjett i balanse.

8. Endring i innbyggjartal 2017

Innbyggjartal pr. 31.12.17 var 6.558, det er ein nedgang på 18 frå året før. Tilsvarande var det ein nedgang på 97 i 2015 og 34 i 2016.

I løpet av dei tre siste åra har det vore ein nedgang på 149 innbyggjarar, tilsvarande vel 2%.

Folketal 01.01.17	6 577	Endring 2017
Fødde		51
Døde		57
Fødseloverrskott		-6
Innvandring		39
Utvandring		43
Nto. Innvandring		-4
Innflytting innenlandsk		191
Utflytting innenlandsk		200
Nto. innenlandsk		-9
Netto endring i innbyggjartal 2016		18

Folketal 31.12.17	6 558

- Det er eit mindre fødselsunderskudd i 2017. For ein kommune i vekst bør det være fødselsoverskudd.

- Det vart fødd berre 51 barn i 2017, truleg det lågaste fødselstal på svært lenge.
- Det er nokre fleire som flyttar ut frå kommunen enn det som flyttar til kommunen.
- I fleire år har det vore netto invandring frå utlandet, det har snudd i 2017.

Endring i aldersgrupper var som følgjer:

	01.01.2017 Personer	31.12.2017 Personer	Endring
0 år	68	52	-16
1- 5 år	317	337	20
6-12 år	550	518	-32
13-15 år	220	232	12
16-19 år	354	325	-29
20-44 år	1 900	1 892	-8
45-66 år	2 061	2 051	-10
67-79 år	777	800	23
80-89 år	258	282	24
90 år eller eldre	72	70	-2
	6 577	6 559	-18

- Det er nedgang i barn i skulepliktig alder.
- Generelt er det nedgang i innbyggjartalet i aldersgruppene under 67 år.
- Det er i gruppa 67 – 89 år det er auke. Vi begynner no å sjå «aldersbølga» som kjem.
- Antall eldre over 90 år har vore stabil i mange år, og det vil truleg bli ein del år til det evt. Vert

Fordeling på alder og kjønn ved utgangen av 2017

	Kvinner			Menn		
	2017	2018	Endring	2017	2018	Endring
0 år	29	26	-3	39	26	-13
1- 5 år	165	161	-4	152	176	24
6-12 år	270	264	-6	280	254	-26
13-15 år	112	112	0	108	120	12
16-19 år	170	155	-15	184	170	-14
20-44 år	853	855	2	1 047	1 037	-10
45-66 år	991	976	-15	1 070	1 075	5
67-79 år	380	393	13	397	407	10
80-89 år	143	157	14	115	125	10
90 år eller eldre	50	44	-6	22	26	4
	3 163	3 143	-20	3 414	3 416	2

- Det er kvinner som har nedgang, i 2016 var det motsatt så sett dei to siste åra ilag er det om lag lik nedgang blant kvinner og menn.
- Det er fleire menn i dei fleste aldersgrupper opp til 70 år, spesielt er skilnaden stor i aldersgruppa 20 – 66 år.
- Etter den tid er det flest kvinner og skilnaden vert større etter lenger ein kjem opp i alder.
- Kvinner lever lenger enn menn.

Utvikling i folketal sidan 2011

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Endring	
									antall	i %
0 år	67	54	70	53	60	61	68	52	-15	-22,4
1- 5 år	359	360	350	354	339	319	317	337	-22	-6,1
6-12 år	525	517	525	527	542	543	550	518	-7	-1,3
13-15 år	302	292	271	238	232	236	220	232	-70	-23,2
16-19 år	415	396	397	408	390	357	354	325	-90	-21,7
20-44 år	1 903	1 954	1 978	1 981	2 043	1 951	1 900	1 892	-11	-0,6
45-66 år	1 994	2 014	2 028	2 018	2 026	2 048	2 061	2 051	57	2,9
67-79 år	601	615	663	710	756	774	777	800	199	33,1
80-89 år	264	265	265	258	252	252	258	282	18	6,8
90 år eller eldre	74	72	79	68	68	70	72	70	-4	-5,4
	6 504	6 539	6 626	6 615	6 708	6 611	6 577	6 559	55	0,8

- Sett i forhold til år 2011 har det vore ein liten oppgang i folketalet, men berre 0,8 %. Dette er svært lite.
- I åra 2011 – 2015 var det auke i folketalet for så å gå ned att dei tre siste åra.

- Elles merkar vi oss, noko vi veit frå før, at det er nedgang i innbyggjarar i skulepliktig alder.
- Men det er nedgang i alle aldersgrupper opp til 45 år.
- Det er spesielt i aldersgruppa 67 – 79 år at det er auke, det er nok den før nemnde «aldersbølgja», og det er forventa at den vil auke i åra som kjem og etter kvart vil det også føre til auke i antall eldre over 80 år.

9. Oppfølging av politiske vedtak

Kommunestyret gjorde den 22.mai 2014, i sak 33/14, følgjande vedtak:
Rapportering som gjeld oppfølging av politiske vedtak blir heretter lagt til driftsrapportane til kommunestyret.

Politiske vedtak som ikkje er gjennomførte pr april 2018:

Utval Saksnr	Kva saka gjeld	Status	Vidare framdrift
KST 01.10.15 Sak 76/2015 Arealplan	Arealplan – Legge fram eiga sak om naustbygging	Planutval og adm. arbeider med saka.	Arbeidet meir omfattande enn først rekna med
KST 17.12.15 Sak 112/2015 Driftsbudsjett 2016 pkt 12	Evaluering av noverande legevaktsamarbeid	Adm.sjef har ikkje iverksett prosess.	Adm.sjefen rår til å vente til planlegging av nye Ålesund har kome lenger
KST 15.09.16 Sak 80/2016	Utarbeiding av lokal kulturminneplan	Arbeidet er igang	Sak til kommunestyret i mai
KST 27.10.16 Sak 102/2016	Organisasjonsgjennomgang	Fleire av vedtakspunkta krev ein del arbeid og høyring	Sluttføre i 2018 – saker til adm.utval. Må også sjåast ilag med helse- og velferdsenter
KST 22.06.17 Sak 56/2017	Sak om barnevernsvakt. Skulle vere iverksett innan 1.juli 2017	Det vert forhandla om interkommunalt barnevern	Sak til KST vår/evt haust 2018. Plan om iverksetting 01.01.19
KST 19.10.17 Sak 90/2017	Forvaltningsrevisjon helsestasjonstenesta	Kontrollutvalet gav tilrådingar til forbetringspunkt. Vart vedtekne av KST	Adm.sjefen skal syte for å følgje tilrådingane. Notat med tilbakemelding til kontrollutval haust 2018.
KST 22.03.18 FO 1/2018	Interpellasjon om sambuargaranti	KST sendte saka tilbake for utgreiing hos administrasjonssjefen	Vil bli drøfta og sendt til høyring i Eldreråd og Funksjonshemmaråd før saka vert sendt til FSK og KST.

10. Tilsyn

I denne saka blir ikkje saksområde der kommunen sjølv har tilsynsmynde omtala.
Dette gjeld t.d. tilsyn med barnehagane og tilsyn innan brannvern/feiing.
Administrasjonssjefen omtalar her eksterne tilsyn overfor kommunen der kommuneorganisasjonen er tilsynsobjekt.

Arbeidstilsynet

Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn med at verksemda følgjer arbeidsmiljølova sine krav om å førebygge arbeidsrelatert sjukdom og skade.

Tilsynet var retta mot to tenester/einingar:

- Heimetenestene – august 2017
- Barneverntenesta - mai 2017

Barneverntenesta:

Tilsyn gjennomført 18.mai 2017.

Etter tilsynet har Arbeidstilsynet gitt to pålegg:
1 *«Pålegg - Vold og trussel om vold - kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan. Arbeidsgiver må forbedre virksomhetens kartlegging og risikovurdering ved arbeidssituasjoner som kan medføre at arbeidstaker blir utsatt for vold og trussel om vold. På denne bakgrunn skal arbeidsgiver utarbeide planer og iverksette tiltak for å redusere risikoen. Arbeidsgiver skal gjøre dette i samarbeid med verneombud/ansattes representant.»*

2 *«Pålegg – Vold og trussel om vold – informasjon»*
Arbeidsgiver skal sørge for at arbeidstakerne og deres representanter har fått nødvendig informasjon om risikofaktorer knyttet til vold og trussel om vold, iverksatte tiltak og rutiner for åforebygge, håndtere og følge opp vold- og trusselsituasjoner og rutine for varsling og rapportering av vold og trussel om vold.

I brev av 4.oktober 2018 meldte Arbeidstilsynet at begge pålegga var oppfylte for Barneverntenesta.

Heimetenestene:

Tilsyn gjennomført 17.august 2017.
Arbeidstilsynet ga i brev av 13.september same pålegg som til barneverntenesta.
(Sjå ovanfor)

Det vart gitt frist for gjennomføring: 1.desember 2017.
Det er gitt fristutsetting, og pålegget er endå ikkje oppfylt. Pålegget kan berre gjennomførast i samarbeid med bedriftshelsetenesta, og her har vore eit skifte i månadsskifte mars/april der ny avtale er inngått med ny leverandør. Dette har forsinka arbeidet noko.

Fylkesmannen:

1. Tilsyn med grunnskuleopplæringa for vaksne i Vestnes.

Tilsynet er gjennomført i mars 2018, men Fylkesmannen har ikkje konkludert.

Tema for tilsynet:

§ 4A-1.*Rett til grunnskoleopplæring for vaksne*

Dei som er over opplæringspliktig alder, og som treng grunnskoleopplæring, har rett til slik opplæring, så langt dei ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1. Retten til opplæring omfattar til vanleg dei faga ein treng for å få vitnemål for fullført grunnskoleopplæring for vaksne. Opplæringa skal tilpassast behovet til den enkelte.

§ 4A-2.Rett til spesialundervisning på grunnskolens område

Vaksne som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet for vaksne, har rett til spesialundervisning.

Vaksne som har særlege behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggjande dugleik, har rett til slik opplæring.

2. Tilsyn med kommunen som miljøvernmyndigheit.

I brev av 5.juli 2017 meldte Fylkesmannen i Møre og Romsdal at han ved brevkontroll ville føre tilsyn med kommunane i fylket. Tilsynet gjaldt utøving av kommunal myndigheit når det gjeld forsøpling og brenning av avfall. Kommunen skulle svare på ein del spørsmål og sende svaret til Fylkesmannen innan 10. september 2017.

Spørsmåla gjaldt i stor grad organisering av arbeid/rutinar i saker/meldingar om forsøpling og open brenning. Svar vart sendt innan fristen. Fylkesmannen gav tilbakemelding i brev av 31.oktober. Det vart ikkje funne avvik i Vestnes kommune sitt system, men det vart gitt 3 merknader:

- Vestnes kommune manglar avfallsbehaldarar på stader der mange ferdast.
- Vestnes kommune manglar ei kartlegging av ulovleg avfallshandtering i kommunen.
- Vestnes kommune manglar mål og handlingsplan når det gjeld ulovleg avfallshandtering.

Vestnes kommune gav følgjande tilbakemelding på dette:

I høve dei tre merknadane som er nemnd i brevet, vil kommunen prioritere å sette opp fleire avfallsbehaldarar på dei viktigaste stadane der mange ferdast.
Vidare har kommunen sidan 2012 hatt ein framdriftsplan i høve handtering av forureining. Kommunen vil sjå på moglegheitene for å utbetre denne til også å gjelde mål, handlingsplan og korleis ein skal kartlegge ulovleg avfallshandtering.

Nytt tilsynsansvar for kommunane – tilsyn med sal av tobakk

Helsedirektoratet har i brev av 9.oktober 2017 meldt frå om at kommunane frå 1.januar 2018 skal føre tilsyn med stadleg sal av tobakksvarer mv.
Alle verksemder som sel tobakk skal registrere seg i Tobakkssalgsregisteret innan 31.desember 2017. Det er ikkje tillate å selge tobakksvarer mv. etter 1.januar 2018 utan å vere

registrert i Tobakkssalgsregisteret.
Ordninga inneber at kommunane skal føre tilsyn med registrerte salstader av tobakksvarer og tobakkssurrogater (f.eks. e-sigaretter) i kommunen. Det blir særleg lagt vekt på at kommunane fører tilsyn med at slike varer ikkje blir selt til mindreårige. Kommunen skal ikkje føre tilsyn med nettsal og grossistar.

Administrasjonssjefen har utvida avtalen med selskapet som utfører tilsyn med sals- og skjenkestader for alkohol til også å omfatte tilsyn med sal av tobakk.

Revisjonen/kontrollutvalet sine forvaltningsrevisjonar:

Forvaltningsrevisjon: «Helsestasjon- og skulehelsetenester i Vestnes kommune»

Vestnes kommunestyre gjorde følgjande vedtak den 19.10.2017 i sak 90/2017:
1.
Vestnes kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten ***Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester*** *til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:*

- *Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med vidareutvikling av samarbeidsrutinane.*
- *Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med kompetanseplan og blant anna vurdere behovet for auka kompetanse innan psykisk helse.*
- *Vestnes kommune bør sikre at tolketenesta fungerer tilfredsstillande.*
- *Vestnes kommune bør vidareutvikle samarbeidet om det psykososiale arbeid i skolane.*

2.
Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.
3.
Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å gje skriftleg tilbakemelding på oppfølginga til kontrollutvalet, innan ein periode på 12 – 18 mnd.

Det vil bli gitt skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet i løpet av hausten 2018.

11. Rapportering av sjukefråver:

Driftsrapporten inneheld ei enkel rapportering av sjukefråver. Hovudrapporteringa til AMU og Administrasjonsutvalet er langt meir djuptgåande. Sistnemnde utval bør vurdere om/og evt korleis kommunestyret skal få andre rapportar enn den som blir gitt i driftsrapporten.

Det totale sjukefråværet har gått ned frå 10,3 % i 2016 til 8,9 % i 2017. Det er framleis store variasjonar mellom einingar, men vi ser at fleire av einingane har hatt ein merkbar nedgang i sjukefråværet i 2017. Som tidlegare år er det barnehagane og delar av helse og omsorg som trekker opp fråværsprosenten, noko som er ein gjennomgåande trend i kommunal sektor.

Det kan no sjå ut til at det systematiske sjukefråværsarbeidet og IA-prosjekta «Arbeidsplasskultur» og «Sterkere tilbake», (jf. vedtak i kommunestyret i oktober 2016 om gjennomføring av arbeidsmiljøprosjekt), har hatt innverknad på reduksjon av sjukefråværet for deltakande einingar. Gjennom IA-prosjektet «Arbeidsplasskultur» vart det rapportert at det har vore ei positiv utvikling hos dei som har vore med. Tillitsvaldsapparatet og vernetenesta har vore sentrale i prosessen og rettleiarar frå NAV arbeidslivssenter, foredragshaldarar og andre eksterne aktørar har vore viktige medspelarar. Kommunestyret vart informert om resultata frå

sjukefråværsarbeidet hausten 2017 gjennom sluttrapport for arbeidsmiljøprosjekta samt i dialogmøte.
Når ein ser på samanliknande statistikk så må ein heilt tilbake til 2012 for å finne lågare fråvær. Då var sjukefråværet samla for kommunen på 8,7 %.

Det systematiske fråværsarbeidet held fram. I tillegg har Vestnes takka ja til å delta i NED-prosjektet i regi av KS og NAV. Dette prosjektet tek til i april 2018 og vil bli rapportert i seinare driftsrapportar.
Vi er spente på om sjukefråveret i 2018 følgjer same mønster som i 2017 der vi hadde stor nedgang i vårhalvåret og auke i løpet av hausten.

Særutskrift til:

Vedlegg:
1 Rapport Tomrefjord idrettsbygg

TOMREFJORD IDRETTSBYGG – RAPPORTERING OM STATUS AV ØKONOMIEN

AV ANETTE C. SÆLAND, PROSJEKTLEDER I VESTNES KOMMUNE

Framdrift

Byggestart av renoveringsprosjektet på Tomrefjord idrettsbygg var 2. oktober 2017. Riggen, brakkene og gjerdet rundt idrettsbygget ble raskt etablert. Rivinga på innsida av bygget blei straks starta opp.

Det har vore ein del upårekna tilstandar på bygget som har ført til meirarbeid. Det har per i dag ikkje blitt varsla om at tidsplan for ferdig renovert bygg er endra. Planlagt ferdigstillelsesdato frå hovudentreprenøren er 31. august 2018. Likevel vil det være rimeleg å tru at ferdigstillinga av bygget blir noko forsinka. Etter ferdigstillelse vil kommunen nytte 2-3 ukar til å innreie og klargjere bygget for bruk. Det skal og nyttast god tid til opplæring av driftspersonell og andre brukara.

Det må seiast at det ikkje har vore meir upårekna tilstandar enn det man kunne forvente i eit slikt godt brukt og gamalt bygg. Det vil alltid være noko dei prosjekterande har gløymt, oppbygging av vegger og golv som er annleis enn først antatt eller konstruksjonar som er såpass dårleg at det ikkje er hensiktsmessig å ta vare på.

Konkurs

Den 08. desember 2017 blei entreprenør for luftbehandlingsarbeider, slått Kamo Entreprenør AS, konkurs. Dette har ført til ein del meirkostnad for prosjektet, både i form av konsulent timar, bistand frå advokat og prisauke ved anskaffing av ny entreprenør.

Dei tre andre entreprenørane som gav tilbod under anskaffinga av luftbehandlingsentreprenør i første runde blei invitert til å komme med eit nytt tilbod på ventilasjonsarbeidet. Ein av desse entreprenørane var ikkje interessert i å gi nytt tilbod. Det blei difor ein tilbodskonkurranse mellom Nordvest Miljø AS og GK inneklima AS. Det vart GK Inneklima AS som kom opp med det mest økonomiske fordelaktige tilbodet.

Kamo Entreprenør AS hadde gjennomført alt rivearbeidet som var beskriven, og det var og blitt godkjent ein endringsliste etter massekontroll ved byggestart. Når dette blei rekna ut, viste det seg at det var ein direkte differanse på kr. 316 680[1],- eks. mva. mellom dei to tilboda.

Den total meirkostnaden som denne konkursen medførte og som blei meldt inn til buet er pålydande kr. 664 225,- inkl. mva, som er kr. 531 380,- eks. mva. Dette inkludera da alle konsulent timar, advokatbistand, kostnadsdifferansen på tilboda. Eventuell meirkostnad denne konkursen kan ha medført økonomiske konsekvensar seinare i prosjektet, er ikkje tatt med i kravet som blei sendt inn til buet. Det blei derimot opnet opp for at det kunne bli aktuelt å rapportere inn i etterkant dersom det blei eit faktum.

[1] *Denne leggast inn som ein endring i tabell under*

Upårekna kostnader

Det har per dags dato kommen inn 59 endringslister totalt i prosjektet. Alle har ikkje blitt behandla ferdig, prisa og godkjent. Dei ulike listene er fordelt som følgjar, kor dei og blir presentert i lag med budsjettet frå hausten 2017:

Nr.	Entreprise	Entreprenør	Tal på endrings lister	Entreprise-kostnad, budsjett haust -17 [NOK]	Estimert endringar [NOK]
1.	E20 – Bygningsmessig hovudentreprise	Veidekke Entreprenør AS	39	25 608 896	2 041 686
2.	E39 – Luftbehandlingssarbeider	Kamo Entreprenør AS	1	2 401 067	316 680[2]
3.	E40 – Elektrotekniske arbeider	System-Electro AS	10	2 803 776	89 613
4.	E30 – Rørarbeider	Bravida Norge AS	9	3 692 070	45 117
5.	Felleskostnadar	Veidekke Entreprenør AS	0	4 376 532	0
SUM HUSKOSTNADER (eks. mva)			59	38 882 341	2 493 096
6.	Utendørs arbeid	Vestnes kommune	N/A	30 000	Ikkje påbegynt
7.	Heis/løfteplattform	Veidekke Entreprenør AS	N/A	400 000	Inkl. i pkt. 1
8.	SUM TOTAL ENTREPRISEKOSTNADER (eks. mva)		59	39 312 371	2 493 096
9.	SUM TOTALT MED ENDRINGER			41 805 467	

Tabell 1. Entreprisekostnader og endringar

Eit slikt tal på endringslister er foreløpig heilt normalt på eit renoveringsprosjekt av denne typen.

Dei største endringane vi har hatt er som følgjar:

- Riving og opparbeiding av vegger som er i dårleg forfatning
- Uventa og enkel oppbygging av parkeringsplass.
- Tilbakefylling av masser utelat i beskriving.
- Økt tjukkleik på påstøp rundt basseng og dekke over kjeller
- Senka traubotn ved graving av idrettshall.
- Graveskråning på jordsmonn lågare enn antatt, fører til meir graving.
- Endra utføring av innervegger.
- Overflatebehandling av stål
- Økt omfang av realkalisering; ikkje ferdig behandla.

Prosjekteringskostnader

I tilknyting til dei ulike endringane som har vore godkjent, vil det medføre meir arbeid i form av prosjektering for konsulentfirmaet vi nyttar. Berekningar og endringar på teikningar har vært naudsynt i den forbindelse. Det har vore meir endringar med bygninga enn først anslått, vi har fått endringsmelding frå Norconsult AS på til saman kr. 270 000,- eks. mva.

Endringar som vert kjent ved den politiske godkjenninga av prosjektet blei inkludert i det presenterte budsjettet hausten -17 og er difor ikkje inkludert . Det gjeld tilbygget av det sosiale rommet og løfteplattforma mellom fyste og andre etasje.

I tillegg har det vært naudsynt å nytte ein del tid i samband med konkursen av Kamo Entreprenør AS. Desse kostnadane er teke med i kapitelet *0. Konkurs.*

[2] *Dette er differeransen på dei to tilboda*

I posten for «Ulike kostnader i samband med prosjekteringsarbeid» har det vært ein del ulike ting som har blitt inkludert, til døme leie av lager container for kommunens sitt utstyr, kaste container i forbindelse med rydding av idrettsbygget, nokre byggtekniske undersøkingar i forkant av byggestart og noko kurs, køyregodtgjersle, verneutstyr med meir.

Nedanfor er budsjettet for prosjekteringskostnadane presentert:

Nr.	Beskriving av prosjektering	Kostnad Budsjett haust –17 [NOK]	Tal på endrings lister	Estimert endringar [NOK]	Nytta hittil i prosjektet [NOK]
1.	Norconsult prosjekteringskostnad hittil	4 545 000	3	Inkl. i budsjett	5 807 568
2.	Norconsult vidare i prosjektet	3 255 000	3	270 000	N/A
SUM FOR NORCONSULT PROSJEKTERING		7 800 000	6	270 000	5 807 568
4.	Prosjektleiiing og administrasjon internt i kommunen	500 000	N/A	182 415	471 019
5.	Ulike kostnadar i samband med prosjekteringsarbeidet	30 000	N/A	Inkl. i pkt. 4.	Inkl. i pkt. 4
SUM TOTAL FOR PROSJEKETERING		8 330 000	6	452 415	6 278 587
SUM TOTALT MED ENDRINGER		8 782 415			N/A

Tabell 2. Prosjekteringskostnader

Som de kan sjå er det allereie nytta ein del av dei kostnadane som kommunen har ansvar for, det vil sei pkt. 4. og pkt. 5. Kr. 471 019,- eks mva er nytta hittil i prosjektet. Vi estimerer at vi kjem til å nytte ytlegare 182 415 kr til på desse postane. Det vil altså sei at det blir eit overforbruk på om lag kr. 123 434,- eks. mva.

Utstyr og andre kostnader

Ved presentasjon av prosjektbudsjettet hausten -17, var det ein del kostnader som ikkje var heilt klare i forhald til naudsynt utstyr i idrettsbygget.

Nr.	Beskriving av anna utstyr	Kostnad Budsjett haust-17 [NOK]	Nytta hittil i prosjektet[NOK]	Estimert kostnad [NOK]	Estimert endring [NOK]
1.	Laust inventar	150 000	0,0	140 887	- 9 113
2.	Sportsutstyr til idrettshall	120 000	0,0	115 055	- 4 945
3.	Skiljevegg i idrettshall	150 000	0,0	173 000	+ 23 000
4.	Skiljevegg i det sosiale rommet	150 000	0,0	230 000/ 150 000	+ 80 000/ 0,0
5.	Dusjbrakke til skulen i byggjetia	150 000	269 190	396 190	+ 246 190
6.	Anna utstyr generelt (wifi, hyllner, solskjerming førstehjelp etc.	140 000	0,0	122 175	- 17 825
SUM TOTAL AV ANNA UTSTYR		940 000	269 190	1 257 307/ 1 177 307	+317 307/ +237 307

Tabell 3. Kostnadar knytt til utstyr inventar

Kostnaden for ein skiljeveggen i det sosiale rommet har blitt opplyst til å bli kr. 230 000 eks mva, oppgitt av entreprenøren. Dette er ein skiljevegg som har høg lydklasse og med glasfelt. Dersom vi redusera på lydklassen og ikkje har med glasfelt, antar vi at vi kan få ein slik foldevegg ned i ein pris på kr. 150 000. Dette har vi per i dag ikkje fått bekrefta av entreprenøren.

Før framlegging av budsjett hausten –17, hadde prosjektleiar fått inn nokre tilbod på dusjbrakkar for skulen. Dessverre blei det ein misforståing med kostnadane og det visste seg i etterkant at dette blei mykje meir kostbart enn først antatt. Den totale kostnaden for etablering av dusj ved skulen har auka til nesten kr. 400 000 eks. mva.

Elles er leverandør for laust inventar blitt valt til å være Haugen kontorforum AS i Ålesund, og leverandør av sportsutstyr til idrettshall vil bli TESS AS. Ulike leverandørar blei invitert til å gje tilbod i samband med desse anskaffingane.

Endeleg kostnadsoverslag

Når alle kostnadane summerast, vil det endelege prosjektrekneskapen sjå ut som følgjande:

Nr.	Beskriving av anna utstyr	Kostnad Budsjett haust-17 [NOK]	Estimert endringar [NOK]	Estimert totalkostnad per i dag [NOK]	Nytta hittil [NOK]
1.	Entreprisekostnad	39 312 371	2 493 096	41 805 467	7 757 990
	Margin/reserve	3 932 237	N/A	N/A	N/A
2.	Prosjekteringskostnad	8 330 000	452 415	8 782 415	6 278 587
3.	Utstyr og andre kostnader	940 000	237 307	1 177 307	269 190
4.	**Byggjekostnad med margin/reserve**	**52 513 575**	**3 182 818**	**51 765 189**	**14 305 767**
5.	MVA	13 128 393	N/A	N/A	N/A
6.	Byggjelånsrente	650 000	N/A	N/A	N/A
TOTALE PROSJEKTKOSTNADER		**66 291 968**	**3 182 818**	**51 765 189**	**14 305 767**

Tabell 4. Endelege budsjettkostnadar

Som ein kan sjå av kostnadsoverslaget over, er differansen mellom budsjettert byggjekostnad frå hausten -17 og estimert byggjekostnad per i dag (pkt 4.), inklusiv endringar lik **kr. 748 386 eks mva.** Det vil altså sei at vi foreløpig ikkje har overstige budsjettet og har framleis nesten ein million igjen av reservepotten.

Vi er nå halvvegs i byggjetida, og det meste inni bygget har blitt revet ut. Det vil si at usikkerheita nå er mykje lågare, og vi forventar eigentleg ikkje nokon store overraskingar i perioden framover.

Spelemiddelsøknad til KUD

Vi har søkt om mykje tilskot frå Kulturdepartementet (KUD), og vi fekk 4 september 2017 idrettsfunksjonell forhandsgodkjenning frå KUD. Det ligger an til at vi har moglegheit til å få **kr. 14 617 758** i tilskot. Prosjektleiar har nyleg dokumentert for kostnadane i eit brev til KUD. Endeleg svar frå KUD reknar vi med å få før sommaren.

VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2018-1535/03
Arkiv: 033
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 27.4.2018

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 19/18	Kontrollutvalet	9.5.2018

OPPFØLGINGSLISTE

Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Bakgrunn for saka

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 11.4.2018.

I dette møtet er det lagt opp til orientering frå administrasjonen knytt til følgjande saker på oppfølgingslista:

- **Forvaltningsrevisjonsrapporten «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune.**

VURDERING

Dersom det er saker utvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møte eller i eit seinare møte, kan disse bli fremma i møte for oppføring på oppfølgingslista.

Jane Anita Aspen
daglig leder

KONTROLLUTVALET I
VESTNES KOMMUNE

SAKSOPPFØLGING

(à jour pr. 11.4.2018)

Saker som er tatt opp:	Merknad:	Status:
13.03.13 **Internkontroll i Vestnes kommune** Ansvar: Adm./sekr	Kontrollutvalet ønskjer orientering om administrasjonssjefen sin internkontroll (herunder organisering, delegasjon, fullmakter, tilvisningsmynde etc.) i kommunen. I tilsynsrapporten frå Helsetilsynet v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart lagt fram i møtet 13.03.2013 kom det fram at leiinga i kommunen i liten grad har arbeidd med internkontrollen for dei tenesteområda som omfattast av tilsynet. Det vart òg peika på, og vist til tidlegare tilsyn, at kommunen ikkje hadde tilfredstillande system for behandling av avvik. Kontrollutvalet ønskjer orientering om Vestnes kommune har starta arbeidet med å etablere eit heilskapleg system for internkontroll og avviksrapportering.	**13.03.13:** Sekretæren vert beden om å kontakte administrasjonssjefen og be om ei orientering til neste møte i kontrollutvalet. **29.05.13:** Kontrollutvalet vil få ei orientering i møtet i september 2013. **19.09.13:** Kontrollutvalet vil få ei orientering i neste møte. **10.12.13:** Orientering gitt av administrasjonen i dagens møte, jf. orienteringssak OS 12/13. Kontrollutvalet ønskjer å få ein ny rapport om bruken av internkontrollsystemet Risk Manager om eit år. **03.12.14:** Kommunalsjef Rune Håseth informerte om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Frank Skorgenes har nyleg blitt systemansvarleg for internkontroll systemet og HMS. Ein startar no med innføring av Risk Manager. Ein føresetnad for å ta i bruk dette er at alle tilsette har same type e-postadresse, det vert no samkjørt. Det er ikkje avklart kva dokument som skal ligge i dette systemet eller kva som skal definerast som eit avvik. Alle driftsleiarane må få ny opplæring. Kontrollutvalet ønskjer stausrapport om eit halvår. **28.04.15:** Kontrollutvalet utset å be om statusrapport til møte i oktober, grunna mange orienteringar i junimøtet. **17.09.15:** Orientering gitt av administrasjonen i dagens møte , jf. Orienteringssak OS 20/15. Kontrollutvalet konkluderer med at dei ønskjer ei ny orientering om 1 år, for å sjå korleis systemet er tatt i bruk i organisasjonen. **16.11.16:** Orienteringa som var etterspurt til dagens møte vert utsatt til etter nyttår, og vert etter tilråding frå adm.sjefen, halde samstundes med orienteringa om «Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklings-hemma» **14.02.17**: Ass.adm.sjef Rune Håseth orienterte utvalet i dagens møte jf. OS 06/17. Utvalet ønskjer ein ny statusrapport i KU-møte 22.11.17. **22.11.17:**Rune Håseth orienterte i dagens møte jf. OS 28/17. Utvalet ønskjer ei ny

		orientering før sommaren 2018. **11.04.18:** Kontrollutvalet ønskjer at ny orientering vert utsett til møte 24.09.18.
24.02.15 **Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune** Ansvar: Rev./sekr.	Kontrollutvalet vedtok i møte 13.12.13 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjekt-et «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune». Prosjektplanen vart handsama i møte 08.09.14 sak 26/14.	**24.06.15:** Rapporten vart lagt fram i dagens møte sak PS 18/15. **14.02.17**: Adm.sjefen har informert revisjonen om at dei treng meir tid for å svare ut alle anbefalingane. KU vil få sak om oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet i neste møte. **02.05.17**: Kontrollutvalet handsama oppfølging av forv.rev.rapporten i dagens møte, jf. sak 13/17. Utvalet ønskjer å følgje attståande arbeid med tilrådingane. **11.04.18**: Adm.sjefen har i e-post 04.04.18 opplyst at utvalet vil få denne orienteringa i neste møte.
26.05.16 **Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma** Ansvar: Adm./sekr	Det vert i Vestnes kommune si årsmelding 2015 gjeve informasjon om at kommunen framleis arbeider med å lukke avvik som vart avdekt i tilsyn som fylkesmannen gjennom-førte i 2011 ved Bu- og habiliteringstenestene. Det vart avdekt alvorlig svikt i internkontroll og styrings-systemet til kommunen. Administrasjonssjefen forventar å få lukka avvika i løpet av våren 2016. Kontrollutvalet ønskjer å få ei orientering frå administra-sjonen om dette området i kontrollutvalet sitt møte 16.11.16	**16.11.16**: Fylkesmannen har bede om meir dokumentasjon. Orienteringa vert etter tilråding frå adm.sjefen utsett til etter fylkesmannen har avslutta sitt tilsyn. **14.02.17**: Einingsleiar for Bu- og habiliteringstenestene, Anna Balstad, orienterte utvalet i dagens møte jf. OS 07/17. KU ønskjer å følgje saka til fylkesmannen har gjort vedtak om å lukke tilsynet. **02.05.17:** Utvalet ønskjer å skrive eit brev til fylkesmannen der det vert uttrykt missnøye med at kommunen har venta på svar frå FM sidan okt. 2016. Utvalsleiar og sekretær får fullmakt til utforme brevet. **12.06.17**:Det vart 09.05.17 sendt brev frå kontrollutvalet (KU) til fylkesmannen (FM) der det vart etterlyst svar til kommunen. FM kalla i brev 19.05.17 inn kommunen til møte. Adm.sjef. orienterte KU frå dette møte, jf. OS 23/17. KU vil følgje saka til kommunen har fått svar på lukking av avvik frå tilsyn i 2011. **02.10.17:**Avviket er lukka jf. brev frå fylkesmannen 05.07.17. Utvalet fekk orientering frå einingsleiar Anna Balstad i dagens møte jf. OS 25/17. Det er varsla nytt systemtilsyn i 2018. Kontrollutvalet vil halde seg orientert om resultatet av nytt tilsyn.
20.02.18 **Innkjøp og offentlege anskaffingar** Ansv: adm./sekr.	Anskaffingsregelverket er omfattande og erfaringsvis er dette eit risikoområde som det er viktig at kontrollutvalet følgjer opp. Vestnes kommune deltek i innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre. Deltakarar er Ålesund	**20.02.18:** Kontrollutvalet ønskjer i møte 11.04.18 ei orientering om organisering av innkjøpsarbeidet i Vestnes kommune, og korleis arbeidet med innkjøp og offentlege anskaffingar vert kvalitetssikra. **11.04.18.** Adm.sjefen orienterte utvalet i dagens møte, jf. OS 02/18. Utvalet vil

	og 18 kommunar som er geografisk plassert rundt Ålesund. Kontrollutvalet ønskjer ei årleg oppdatering av status på innkjøpsområdet, bl.a. organisering av samarbeidet, status for rammeavtalar og korleis administrasjonssjefen sikrar at regelverket vert følgt.	følgje opp at innkjøpsreglementet kjem på plass og ønskjer ein ny statusrapport våren 2019.
20.02.18 **Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester»** Ansv.: adm./sekr.	Kontrollutvalet vedtok i møte 14.02.17 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjektet «**Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester**». Prosjektplanen vart handsama i møte 02.05.17 sak 14/17. Rapporten vart lagt fram møte 02.10.17 sak PS 23/17 og i kommunestyret 19.10.17, sak 90/2017. Oppfølging av rapporten er venta hausten 2018 eller våren 2019.	
20.02.18 **Varslingssak** Ansv.: adm./sekr./revisjon	Ein person som underskriv som «Anonym ansatt i Vestnes kommune» har varsla fylkesmannen. Varselet vart 20.12.2017 sendt Vestnes kommune frå fylkesmannen. I varselet vert det namngjeve fleire personar som arbeider med plan og byggesaker i kommunen, og varslaren rår til at alle sakene som gjeld denne gruppa blir gjennomgått. Administrasjonssjefen har handsama varselet og oversendt rapport til kontrollutvalet. Rapporten vart handsama i kontrollutvalet 20.02.18, sak 03/18.	**20.02.18:** Kontrollutvalet bestiller ein avtalt kontrollhandling frå MRR IKS for gjennomgang av eit utval utbyggingssaker, for å vurdere om sakene har blitt handsama i tråd med reglane lova og kommunen si eiga rutine for handtering av inhabilitet. **11.04.18:** Kontrollutvalet vedtok i dagens møte sak 11/18, prosjektplan for avtalt kontrollhandling. Habilitet. Rapporten er venta til behandling i møte 24.09.18.

VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2018-1535/03
Arkiv: 033
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 30.4.2018

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 20/18	Kontrollutvalet	9.5.2018

EVENUELT

Tiltaksplan 2018 – Kontrollutvalet i Vestnes
Det vert høve til å oppdatere tiltaksplanen i møte.

TILTAKSPLAN 2018

KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

Oppdatert 11.04.18

Tilsyn med forvaltningen

Møte	Oppgåver knytt til tilsyn med forvaltninga
Løpande rapportering	• Kontrollutvalsmedlemmene skal ha tilgang til dokument frå alle politiske utval. • Stig Holmstrøm og Dagfinn Wiik er kommunestyret sine representantar i kontrolutvalet. • Utvalsleiar har eit særskilt ansvar for å følgje med om det et aktuelle saker i dei andre politiske utvala som kontrollutvalet bør følgje opp. • Rapportar frå andre tilsynsorgan og kommunen sitt svar/oppfølging (ligg i kvartalsrapportringa) • Sjukefråver (ligg i kvartalsrapporteringa) • Meldingar til politiet og varslingar
Aktuell informasjon/orienteringar	I den grad tema/områder ikkje blir undersøkt gjennom bestilling av forvaltningsrevisjon, kan det vere aktuelt å be om tilbakemeldingar frå administrasjonen på ulike områder, bl.a. ut frå overordna analyse for forvaltningsrevisjon. Slik informasjon blir spesifisert under kvart enkelt møte. Saker til oppfølging vil også gå fram av oppfølgingslista til kontrollutvalet
20.02.18	• xxx
11.04.18	• få skatteoppkrevjaren sin årsrapport for 2017 og kontrollrapport frå Skatteetaten til orientering
09.05.18	• Økonomirapport 1. kvartal
24.09.18	• Økonomirapport 2. kvartal • Status elektronisk internkontrollsystem
26.11.18	• Økonomirapport 3. kvartal • Verksemdbesøk Tomrefjord skule? • Tiltaksplan 2019 – Kontrollutvalet i Vestnes

Kontrollutvalet sine oppgåver i samband med regnskapsrevisjon.

Møte	Oppgåver knytt til rekneskapsrevisjon
	Utgangspunktet for oppgåvene er i hovudsak knyt til reglane i kap. 4 i forskrift om kontrollutval.
20.02.18	• Interimrapport rekneskapsrevisjon, rekneskapsåret 2017
11.04.18	•
09.05.18	• Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen for 2017, Vestnes kommune • Årsavslutningsbrev for revisjonsåret 2017. •
24.09.18	• Orientering om revisjonsstrategien for revisjonsåret 2018. • Avstemming av risikovurdering og vesentlegheit
26.11.18	• Interimrapport rekneskapsrevisjon, rekneskapsåret 2018 (ev. i det første møte i 2019). • Orientering om oppfølging av årsavslutningsbrev for 2017

Kontrollutvalet sine oppgåver i samband med forvaltningsrevisjon.

Møte	Oppgåver knytt til forvaltningsrevisjon
	Utgangspunktet for oppgåvene er plan for forvaltningsrevisjon og reglane i kap. 5 i forskrift om kontrollutval.
20.02.18	•
11.04.18	•
09.05.18	• Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune» .
24.09.18	• Bestilling av forvaltningsrevisjon i tråd med plan for 2016-2019

Møte	Oppgåver knytt til forvaltningsrevisjon
26.11.18	• Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Helsestasjon- og skolehelsetenester i Vestnes kommune» • Prosjektplan forvaltningsrevisjonsprosjekt «xx».

Kontrollutvalet sine oppgåver i samband med selskapskontroll.

Møte	Oppgåver knytt til selskapskontroll
	Utgangspunktet for oppgåvene er plan for selskapskontroll og reglane i kap. 6 i forskrift om kontrollutval
20.02.18	•
11.04.18	•
09.05.18	•
24.09.18	•
26.11.18	• Gjennomgang aveigarskapsmeldinga

Tilsyn med revisjonen

Møte	Oppgåver knytt til tilsyn med revisjonen
	Revisjonen rapporterer om si verksemd ved behov. Revisjonsplan for Vestnes kommune er til ei kvar tid tilgjengeleg for kontrollutvalet. Utgangspunktet for oppgåvene er bl.a. relatert til reglane i koml. § 77 nr. 4.
20.02.18	•
11.04.18	•
09.05.18	• Dialogmøte med revisjonen om «Honorar for gjeldande år» (2019)?
24.09.18	• Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor sin vurdering av uavhengigheit for Vestnes kommune for revisjonsåret 2018. • Eigenevaluering frå revisjonen
26.11.18	• Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, jf. NKRF sin rettleiar

Budsjettbehandlinga

Møte	Oppgåver knytt til budsjettbehandlinga
	Utgangspunktet for oppgåvene er reglane i forskrift om kontrollutval § 18.
20.02.18	•
11.04.18	•
09.05.18	•
24.09.18	• Forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2019 vert kontrollutvalet.
26.11.18	• Kontrollutvalet følgjer opp at kontrollutvalet sitt forslag følgjer med til kommunestyret si behandling av budsjettet (jf. forskrift om kontrollutval §18)

Kontrollutvalet si rapportering

Møte	Oppgåver knytt til Kontrollutvalet si rapportering
	Utgangspunktet for oppgåvene er bl.a. relatert til reglane i koml. § 77 nr. 6.

Møte	Oppgåver knytt til Kontrollutvalet si rapportering
20.02.18	• Kontrollutvalet sin årsrapport for 2017 vert behandla og oversendt kommunestyret til orientering. • Oppfølging av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapportar/selskapskontrollar skal gå fram av kontrollutvalet sin årsrapport.
11.04.18	•
09.05.18	•
24.09.18	•
26.11.18	•